




NOREGS
DOMSTOLAR

Årsmelding 2022

Domstoladministrasjonen



Innhald

I.	Leiaranes fråsegn	3
	Innleiing ved styreleiar og direktør	3
I.	Jodiheddjiid čilgehus	6
	Stivrajojdiheadji ja direktevrra álggahus	6
II.	Introduksjon til verksemda og hovudtal	9
	Domstolane si rolle i samfunnet	9
	Nøkkeltal frå 2022	15
	Samisk rettstryggleik i domstolane	21
	Andre mål av betydning for domstolane	22
III.	Årets aktivitetar og resultat	26
	Sikre og stabile IKT-løysingar i ein digital rettsprosess	28
	Digitalisering og IT	31
	Elektroniske samhandlingsløysingar i straffesakskjeda (ESAS)	32
	Kompetanseutvikling, dommarar, dommarfullmektigar og utgreiarar	35
	Brukarundersøkingar	38
	Openheit og tillit	42
IV.	Styring og kontroll av verksemda	47
	Styret sitt arbeid	47
	Internkontroll og risikovurderingar	48
	Brukerundersøkingar	50
	Helse-, miljø- og tryggleiksarbeid (HMS)	51
	Sjukefråværsutvikling	51
	Mangfald, lærlingar og likestilling	53
V.	Samfunnsutvikling og utviklingstrekk	60
	Oppfølging av FN sine mål for berekraft	65
VI.	Årsrekneskap	67

I. Leiaranes fråsegn

Innleiing ved styreleiar og direktør

I ei uroleg verd er det avgjerande at rettsstaten blir sikra. Eit sjølvstendig rettsvesen som fungerer godt er ein grunnleggjande føresetnad for eit demokratisk og trygt samfunn. Den årlege kartlegginga «Rule of law index» frå «The World Justice Project», viser at Noregs domstolar stadig er mellom dei aller beste i verda. Samtidig viser ei årleg nasjonal undersøking at innbyggjarane har ein svært høg tillit til domstolane. Dei seinare åra har det likevel vist seg at det kan gjerast feil også i eit av dei beste rettssystema i verden. Erstatningsdommen mot den tidlegare tiltalte i Tengs-saka som var frifunnen, blei i fjor oppheva av Agder lagmannsrett. I Baneheia-saka blei ein av dei dømte, etter lang tids soning, frifunnen etter behandling av gjenopningssaka i Borgarting lagmannsrett. Justis- og beredskapsministeren har varsla gransking av Baneheia-saka. Granskinga vil også omfatte domstolane. Det er viktig og riktig at det blir gjennomført ei slik gransking.

Ny struktur fungerer

2022 var det første heile året med den noverande domstolsstrukturen i førsteinstans. Domstoladministrasjonen har gjennom året kartlagt effektane av strukturendringa som blei gjennomført i 2021. Kartlegginga viser at den fungerer svært godt. Det er lagt ned eit omfattande arbeid i domstolane. Dei har fått på plass nye organisasjonar og samtidig klart å utnytte dei tilgjengelege ressursane betre. Det viser at strukturendringa var

riktig. Domstolsstrukturen er no igjen under politisk debatt. Forhåpentlegvis lar Stortinget domstolane få behalde den domstolsstrukturen vi har i dag. Den er eit godt kompromiss mellom distriktpolitiske omsyn og omsynet til gode, effektive og sterke domstolar.

Behov for betre lokale

Uavhengig av strukturdebatten er det klart at domstolane skal ha verksemd på alle dei eksisterande rettsstadane. Men mange tinghus treng oppgradering for å tilfredsstillere krav til for eksempel universell utforming og tryggleik. Domstoladministrasjonen har derfor bedt om midlar til opprusting av domstolsbygg mange stader i landet. Dette er i hovudsak lokale på mindre stader i distrikta. Vi håper det vil vere politisk vilje til å prioritere dette i statsbudsjettet for 2024.

Digitalisering

Det omfattande arbeidet med digitalisering og modernisering av verksemda heldt fram gjennom heile 2022. Vi har vore særleg opptatt av digital tryggleik og personvern. Det er nødvendig for å sikre systema mot angrep som kan ramme både det rettssøkjande publikum, aktørane og medarbeidarane i domstolane.

Aktørportalen er løysinga for digital kommunikasjon mellom domstolane og aktørar, som til dømes advokatar og meddommarar. I 2022 blei det gjort mykje for å gjere den tilgjengeleg for fleire grupper, til dømes for sjølvprosederande partar i jordskifterettane. Meddommarar i alle tingrettane kunne bruke portalen allereie frå mars. Utmarksdomstolen for

Finnmark har også fått tilgang til portalen. Utviklinga av denne tenesta viser korleis gode, digitale løysingar er nyttige både for alle domstolane og brukarane deira.

Samtidig er det eit stort sagn at ikkje domstolane kan gjere opptak av lyd og bilete. Lovverket føreset at slike opptak skal gjerast fordi det bidrar til betre rettstryggleik, kvalitet og effektivitet. Det er derfor svært viktig at dette kjem på plass.

Kompetanseutvikling

I 2022 blei det igjen gjennomført fysiske dommarseminar. Dette er viktige kompetansetiltak som sikrar fortløpande vidareutdanning av norske dommarar. I 2022 deltok 548 dommarar på det årlege dommarseminaret. Seminaret er det sentrale kompetanseprogrammet for dommarar i vidareutviklingsfasen. Oppslutninga var svært god; heile 96 prosent av dommarane deltok i 2022. Viktige tema var utmåling av sakskostnader, endra føreseger om tilreknegheit, aktiv saksstyring i sivile saker, rettsmekling som fag, EØS-rett, barnevern og aktiv saksstyring i jordskifteretten.

Nye dommarar gjennomførte introduksjonsprogrammet over fem modular. Introduksjons- og vidareutviklingsløpet gjeld dommarar i både alminnelege domstolar og jordskifterettane. Innan 2025 vil nærare 100 dommarar ha gjennomført eit eige kompetanseløp for rettsmeklarar, eit nytt utdanningsløp som er utvikla med mål om å auke talet på meklingar og betre kvaliteten på meklingane, under dette bidra til eit meir likt tilbod for brukarane over heile landet. Det første kullet på 32 dommarar og tekniske utgreiarar frå lagmannsrettane, tingrettane og jordskifterettane gjennomførte den første modulen (av tre) i 2022.

Domstolane er avhengige av god kompetanse hos alle medarbeidarane. I tillegg til å delta på rettsmeklingsløpet, har teknisk personell i jordskifterettane gjennomført eigne kompetansetiltak. Saksbehandlarane har deltatt på fleire nasjonale kompetansetiltak gjennom året, og omlag 50 utgreiarar frå Høgsterett, Gulating og Borgarting lagmannsrettar, Oslo tingrett og jordskifterettar var i 2022 samla til eit eige seminar for utgreiarar.

Samisk rettstryggleik

Etter innspel frå det samiske forumet i domstolane, har styret vedtatt å reorganisere forumet for å løfte fram arbeidet på feltet i sterkare grad. Formålet med dette er mellom anna å sikre at alle domstolane blir omfatta av kompetansearbeidet, men der representantar frå domstolane i det samiskspråklege forvaltingsområdet har eit særleg ansvar for arbeidet. Saman med Høgsterett og PluriCourts arrangerte Domstoladministrasjonen ved samisk forum i 2022 eit seminar der ulike samiske forhold blei sette på dagsorden. Seminaret var for dommarar, advokatar, akademikarar, politikarar og andre med interesse for feltet, og det var svært vellukka. Noregs domstolar arbeider aktivt med å auke bruken av samiske språk, mellom anna gjennom omsetting av rettsavgjerder og ved å nytte samisk i årsmeldingar og på domstol.no.

Dommarfullmektigordninga

I statsbudsjettet for 2022 blei Noregs domstolar tilført midlar for å gjere om stillingar som dommarfullmektig til embetsdommarstillingar. Etter denne tilpassinga er talet på dommarfullmektigar godt tilpassa til talet på dommarar. Domstoladministrasjonen sette i 2022 ned ei arbeidsgruppe som fekk i oppdrag å utarbeide eit forslag til framtidig utvikling og organisering av dommarfullmektigordninga.

Formålet med arbeidet var å følgje opp Domstolskommisjonen sin delrapport to (NOU2020:11), og identifisere tiltak som sikrar at ordninga med dommarfullmektigar best mogleg sikrar omsynet til sjølvstende, kvalitet og tillit mellom brukarane av domstolane. Samtidig skal stillinga framleis framstå som attraktiv, med faglege utfordringar og interessante arbeidsoppgåver. Utvalet leverte innstillinga si på nyåret i 2023, Den vil bli følgt opp vidare.

Budsjetta til domstolane

Høgsterett har eit eige budsjettkapittel i statsbudsjettet, medan domstolane og Domstoladministrasjonen dei seinare åra har hatt eit felles budsjettkapittel. Denne løysinga har varetatt omsynet til den særskilte rolla Høgsterett har i samfunnet, og den har vore hensiktsmessig for Noregs domstolar elles. For 2023 er budsjettet for domstolane i dei lågare instansane og Domstoladministrasjonen delt på to kapittel. Alle domstolsleiarar i første- og andreinstans ga i eit brev til Stortinget uttrykk for at dei er usamde i denne delinga. Delinga fører til meir tid- og arbeidskrevjande budsjettprosessar og redusert handlingsrom for styret til Domstoladministrasjonen. Delinga kan også medføre utfordringar i samhandlinga mellom dei løyvande styresmaktene og domstolane.

Domstolskommisjonen påviste i NOU 2020:11 at domstolane ikkje har hatt ei tilsvarende økonomisk utvikling som andre delar av offentleg sektor. Kommisjonen tok derfor til orde for endringar i budsjettprosessen for domstolane. Det er viktig at politiske styresmakter drøftar forslaga frå kommisjonen. Både prinsipielle og praktiske omsyn talar for at grunnfinansieringa av domstolane bør styrkast. Vi håper på ein god dialog med politiske styresmakter om denne saka i 2023.

Besøk i domstolar

I samband med styremøte i 2022 besøkte styret i Domstoladministrasjonen tingretten og jordskifteretten i Sogn og Fjordane, tingrettane og jordskifteretten i Finnmark, Finnmarkskommisjonen, tingretten og jordskifteretten i Trøndelag, Frostating lagmannsrett og Oslo tingrett. Sjølv om styret sitt arbeid først og fremst er knytt til dei strategisk viktige og overordna spørsmåla for drift av domstolane, er det viktig å ha god kunnskap om korleis domstolane fungerer, og korleis dei opplever kvardagen sin. Vi meiner at det fysiske møtet framleis har ein viktig verdi, og vi håper at både styret og administrasjonen vil ha ressursar til å oppretthalde noko av reiseverksemda i åra som kjem.

Takk til alle medarbeidarar

Vi vil takke alle medarbeidarane i Noregs domstolar for den betydelege innsatsen dei har lagt ned gjennom heile 2022. Samtidig med store organisatoriske endringar, digitalisering og debatt om eigen arbeidsplass er det levert svært gode resultat – til beste for alle i heile Noreg.



Cecilie Østensen Berglund
Styreleiar



Sven Marius Urke
Direktør

I. Jodiheddjiid čilgehus

Stivrajodiheaddji ja direktivrra álggahus

Ráfehis máilmmis lea mearrideaddji mearkkašahhti nannet riektestáda. Doaibmi ja sorjjaskeahtes riektevuogádat lea vuodđoeaktu demokrátalaš ja oadjebas servvodahkii. Jahkásaš kártenbarggus maid «Rule of law index» ja maid «The World Justice Project» lea čadahan, čájeha ahte Norgga duopmostuolut leat ain máilmmi buoremusaid gaskkas. Seammás čájeha jahkásaš nationála iskkadeapmi ahte álbmogis lea nana luohttámuš duopmostuoluide. Lihkká leat čájehuvvon mañimuš jagiin ahte meattáhusat sáhttet dáhpuhuvvat maiddá ovtta máilmmi buoremus riektevuogádagain. Buhtadusduopmu ovddežis dubmejuvvon áššáskuhtoma vuostá Tengs- áššis, gii lei áššehuhtton, fámuhuhtii Agder-lágamánneriekti diibmá. Baneheia- áššis šattai okta sis gii dubmejuvvui, mañná guhkes gednema, áššehuhtui mañná go ášši ođđasit meannuduvvui Borgarting lágamánnerievttis. Justiisaministtar lea álmnuhan guorahallama Baneheia- áššis, mii maid guoská duopmostuoluide. Dat lea duodalaš ja riekta ahte čadahuvvo dákkár guorahallan.

Ođđa struktuvra doaibmá

2022 lei vuosttaš olles jahki dálá duopmostuollostruktuvrrain vuosttašinstánssas.

Duopmostuollohálldahus lea dán jagis kárten makkár váikkuhusat ledje struktuvrrarievdamis, mii doaibmagodii 2021:s. Kárten čájeha ahte dat doaibmá hui bures. Duopmostuolut leat ángirát

bargan, ja leat ožžon sadjai ođđa organisašuvnnaid ja leat seammás nagodan buorebut ávkkástallat doaibmi resurssaid. Dat čájeha ahte struktuvrrarievdadeapmi lei riekta. Duopmostuollostruktuvra lea dál fas bohciidan politihkkasálaš divaštallamiid. Doaivumis diktá Stuvorradiggi duopmostuoluid doalahit otná struktuvrra. Dat dagahii buriid soabademiid gaskal guovllupolitihkalaš beroštumiid ja beroštumi buriid, beaktilis ja nana duopmostuoluide.

Dárbu buoret lanjaide

Beroškeahhtá strukturdebáhtas, de lea čielggas ahte duopmostuoluin galgá leat doaibma buot doaibmi riektebáikkiin. Mánnga diggevistti dárbbasit baicce ođasmahttima duhtadit gáibádusaid ovdamearkka dihti dábálaš vistehápmái ja sihkkarvuhtii. Duopmostuollohálldahus lea danin dáhttu ruđaid ođasmahttit diggevisttiid mánnga sajiin riikkas. Dat guoská erenoamážit unnit báikkiin doaresbealde. Mii doaivut ahte lea positiiva politihkalaš dáhttu vuoruhit dan 2024 stádabušeahas.

Digitaliseren

Olles 2022 joatkašuvai dat viiddis bargu digitaliseret ja ođasmahttit doaimma. Fuomášupmi lea erenoamážit guoskan digitála sihkkarvuhtii ja personsuodjalussii. Dat lea dárbu sihkkarastit vuogádagaid fallehemiid vuostá, mat sáhttet čuoheat sihke olbmuid geat dárbbasit veahkki riektevuogádagas, aktevráide ja duopmostuolu mielbargiide.

Oasálastinvuorká (aktørportalen) lea čoavddus digitála gulahallamii gaskal duopmostuoluid ja aktevrraid, nu go ovdamearka dihti advokáhtat ja mielduopmárat. 2022:s dáhkkui nanu bargu dahkat vejolažžan eambbosiidda geavahit dán oasálastinvuorkká, nu go ovdamearka dihti iešlágastaddjiide eananjuohkinrivttiin. Mielduopmárat buot diggegottiin besse geavahišgoahtit oasálastinvuorkká njukčamánu rájes juo, maiddái Finnmárkku meahceduopmostuolus besset dál geavahit vuorkká. Bálvalusa ovdáneapmi čájeha man láhkái buori, digitála čovdosat leat buorin buot duopmostuoluide ja sin geavaheddjiide.

Seammás lea šállo go ii leat vejolašvuohta báddet jiena ja govveiid duopmostuoluin. Láhkaortnet eaktuda ahte dákkár báddemiid galgá sáhttit dáhkat, sivas go dat nanne riektesihkarvuođa, buorida kvalitehta ja buorida bevtolašvuođa. Danin lea mearkkašahtti ahte dát doaibmagoahtá.

Gelbbolašvuođaovdáneapmi

2022:s čađahuvvojedje fysalaš duopmárseminárat. Dát lea dat dehálaš gelbbolašvuođadoaimmat mat dáhkkidit viidásat joatkkaohpo norgga duopmáriidda. 2022:s oasálaste 548 duopmára jahkásaš duopmársemináras. Seminára lea guovddáš gelbbolašvuođaprográmma duopmáriid viidásat ovdánan barguin. Oasálastin lei erenoamáš buorre, oktiibuot 96 proseanta riika duopmáriin oasálaste 2022:s. Dehálaš fáttát ledje mo mearridit áššegoluid, rievdaduvvon sealvemielatmearrádusaid (tilregnelighetsbestemmelser), aktiiva áššestivren siviila áššiin, riektesoabadeapmi fágan, EØS-riekti ja mánáidsuodjalus ja aktiiva áššestivren eananjuohkinrievttis.

Ođđa duopmárat čađahedje oahpistanprográmma vihtta modula čađa. Oahpistan- ja viidásat ovdánan doaimmat gusket duopmáriidda sihke dábalaš duopmostuoluin ja eananjuohkinrivttiin. 2005 jagi mielde galget lagabui 100

duopmára čađahan sierra gelbbolašvuođa loktema riektesoabaheddjiide, mii lea ođđa oahppu gos ulbmil lea lasihit soabahemiid ja soabahemiid kvalitehta, dás maid bargat ovttađassásaš fálaldagain geavaheddjiide miehtá riika. Vuosttaš 32 duopmára ja teknihkalaš čielggadeaddjit lágamánnerivttiin, diggegottiin ja eananjuohkinrivttiin čađahedje vuosttaš modula (golbma modulas) 2022:s.

Nanu gelbbolašvuohta buot bargiin duopmostuoluin lea dárbbaslaš. Earret oasálastin riektesoabahanoahpahas, lea teknihkalaš bargit eananjuohkinrivttiin čađahan sierra gelbbolašvuođadoaimma. Áššemeannudeaddjit leat oasálastán moanat nationála gelbbolašvuođadoaimmain jagi mielde, ja birrasii 50 čielggadeaddji Alimusrievttis, Gulating ja Borgarting lágamánnerivttiin Oslo diggegottis ja eananjuohkimis ledje 2022:s čoahkkimis sierra čielggaheddjiid semináras.

Sámi riektesihkarvuohta

Stivra lea, manjá cealkámuša duopmostuoluid sámi forumas, mearridan ođđasit organiseret foruma nannen dihti bargguid dán suorggis. Ulbmil lea eret eará fátmastit buot riika duopmostuoluid gelbbolašvuođabargui. Ovdasteaddjit duopmostuoluin sámeigiela hálddašanguovlluin lea erenoamáš ovddasvástádus dán bargui. Ovttas Alimusrivttiin ja PluriCourts lágidii Duopmostuollohálldahus sámi foruma bokte 2022:s seminára gos iešgudetge sámi bealit ledje áššelisttus. Seminára fátmastii duopmáriid, advokáhtaid, akademihkkariid, politihkkariid ja eará berošteddjiid, ja lihkestuvai hui bures. Norgga duopmostuolut barget aktiivvalaččat nannet sámeigiela geavaheami, eret eará nugo diggemearrádusaid jorgalemiid bokte ja geavahit sámeigiela jahkedieđáhusain ja domstol.no siidduin.

Duopmárfámohasortnet

2022 stádabušeahas ožžo Norgga duopmostuolut lassi juolludemiid nuppástuhttit virggiid

nugo duopmárfamohas virggiid ámmátduopmárvirggiide. Maŋŋá dán heiveheami lea duopmárfamohasaid lohku bures heivehuvvon duopmáriid lohku. Duopmostuolluhálddahus áсахii 2022:s bargojoavkku mii galgai ráhkadit árvalusa mo boahhteáiggis ovdánahttit ja organiseret duopmárfamohas ortnega. Ulbmil barguin lea čuovvulit Duopmostuollokommišuvnna oasseraporta guokte (NOU2020:11), ja identifiseret doaimmaid mat sihkkarastet ahte duopmárfamohasaid ordnet buoremus lági mielde váldá vuhtii beroštumiid mat gusket sorjjasmeahttunvuhtii, kvalitehtii ja geavaheddjiid luohttámuššii duopmostuoluide. Seammás galgá virgi leat geasuheaddji, fágalaš hástalusaiguin ja miellaŋiddevaš barguin. Lávdegoddi geigii iežas evttohusa ođđajagis 2023:s, mii čuovvuluvvo viidásat.

Duopmostuoluid bušeahtta

Norgga Alimusrievttis lea sierra bušeahttakapihtal stádabušeahtas. Duopmostuoluin ja Duopmostuollohálddahusas lea leamašan oktasaš bušeahttakapihtal daid maŋimus jagiin. Dát čoavddus lea vuhtii váldán Alimusrievtti erenoamáš servvodat rolla, ja lea muđuid leamašan ulmmálaš muđuid maid Norgga duopmostuoluide. 2023 bušeahtta duopmostuoluid vuolit instánssaide ja Duopmostuollohálddahussii lea juhkon guovtti kapihttalii. Buot duopmostuolu jodiheaddjit vuosttaš- ja nuppiinstánssas celke reivves Stuorradiggái ahte eai leat ovttaoavivilis dáinna juohkimin. Juohkin šaddá eanet áige- ja bargogáibideaddjin bušeahttaproseassain, gáržžida Duopmostuollohálddahusa stivrra doaibmavejolašvuodaid, ja sáhtá dagahit hástalusaide gaskal juolludeaddji eiseválddiid ja duopmostuoluid gaska.

Duopmostuollokommišuvdna čujuhii NOU 2020:11:s ahte duopmostuoluin ii leat seamma ekonomalaš ovdáneapmi go muđuid almmolaš surggiin. Kommišuvdna celkkii danne ahte lea dárbu rievdadit bušeahttaproseassa duopmostuoluin. Lea dehálaš ahte politihkalaš eiseválddit

čielggadit kommišuvnna árvalusa. Sihke prinsihpalaš ja praktihkalaš dárbbut čájehit ahte duopmostuoluid vuodđoruhtadeami berre nannet. Mii doaivut buriid gulahallamiid politihkalaš eiseválddiiguin dán áššis 2023:s.

Galledeamit duopmostuoluin

Stivrračoahkkimiid oktavuodas 2022:s galledii Duopmostuollohálddahusa stivrra diggegotti ja eananjuohkinrievttiid Sogn ja Fjordane:s, diggegottiid ja eananjuohkinrievtti Finnmárkkus, Finnmárkokommišuvnna, diggegotti ja eananjuohkinrievtti Trøndelágas, Frostating lágamánnerievtti ja Oslos diggegotti. Vaikko vel stivrra bargu ovddemusat lea čatnon strategalaš dehálaš ja bajitdási gažaldagaide duopmostuoluid doaimmain, de lea dehálaš diehtit mo duopmostuolud doibmet, ja mo sii vásihit iežaset árgabeaivvi. Mii oaivvildit dat fysalaš čoahkkimiin lea ain dehálaš árvu, ja doaivut ahte sihke stivrras ja hálddahusas lea resurssat doalahit muhtun muddui mátkedoaimmaid boahttevaš jagiid.

Giitu buot mielbargiide

Mii háliidat giitit buot mielbargiid Norgga duopmostuoluin sin mearkkašahtti barggu ovddas olles jagi 2022:s. Seammás go lea čađahuvvon stuorra organisatuvrralaš rievdadusat, digitaliseremat ja debáhttat bargosajiin de lea buvttaduvvon hui buori bohtosat – buorin buohkaide olles Norggas.



Cecilie Østensen Berglund
Stivrrajodiheaddji



Sven Marius Urke
Direktevra

II. Introduksjon til verksemda og hovudtal

Domstolane si rolle i samfunnet

Saman med Stortinget og regjeringa er domstolane ei av dei tre statsmaktene i Noreg. Etter Grunnlova har domstolane dømmende kompetanse, med Høgsterett som øvste domstol. Domstolane behandlar både sivile saker og straffesaker. Dei skal sikre individa rettar som går fram av Grunnlova, norske lover og internasjonale konvensjonar som staten er bunden av. Dommarane må derfor vere sjølvstendige i høve til den lovgivande og den utøvande makta, og den dømmende kompetansen kan ikkje leggjast til andre.

Domstolane si rolle i samfunnet er gjort nærare greie for i domstolane sitt idé- og verdigrunnlag. Der er mellom anna domstolane sitt sjølvstende og arbeidet med å sikre og fremme rettstryggleiken og verne om rettssamfunnet framheva. Det er også understreka at domstolane skal ha høg tillit i samfunnet til ei kvar tid. Arbeidet i domstolane skal vere prega av kvalitet, integritet, respekt, service, openheit og effektivitet.

Domstolane og dommarane skal vere sjølvstendige i den dømmende verksemda, og dei kan ikkje instruerast i korleis dei skal handtere ei sak.

Sidan det blir utøvd betydeleg makt av domstolane, er det viktig at det er stor grad av openheit og offentlegheit i alle rettsinstansar.

Organiseringa av domstolane

Høgsterett

Høgsterett er den øvste domstolen i landet og har sete i Oslo. Domstolen blir leidd av justitiarius Toril Marie Øie og har 19 andre dommarar. Høgsterett behandlar anker over avgjerder treft av lågare domstolar, både i sivile saker og straffesaker. Domstolen har styresmakt på alle rettsområde, men tek ikkje stilling til skuldspørsmålet i straffesaker.


Lagmannsrettane

Lagmannsrettane behandlar ankar over rettsavgjerder i sivile saker og straffesaker. Ankane kjem frå tingrettane og jordskifterettane i lagdømmet, og frå Trygderetten. Det er seks lagmannsrettar i landet, Borgarting lagmannsrett i Oslo, Eidsivating lagmannsrett på Hamar, Agder lagmannsrett i Skien, Gulating lagmannsrett i Bergen, Frostating lagmannsrett i Trondheim og Hålogaland lagmannsrett i Tromsø. Alle lagmannsrettane set jamleg rett andre stader i lagdømmet enn der domstolen har fast sete.

Tingrettane

Tingrettane er første instans i alle saker som høyrer under dei alminnelege domstolane. Det er 23 tingrettar. Kvar tingrett, med unntak for Oslo tingrett, har fleire likestilte rettsstadar for å sikre geografisk nærleik til brukarane av domstolane. Til saman er det 59 rettsstadar i landet.

DEI ALMINNELEGE DOMSTOLANE



Hålogaland lagdømme

Hålogaland lagmannsrett, Tromsø

1. Sis- ja Nuorta-Finnmárkku diggegoddi / Indre og Østre Finnmark tingrett; Deatnu/Tana og Vadsø
2. Vestre Finnmark tingrett; Alta og Hammerfest
3. Nord-Troms og Senja tingrett; Finnsnes og Tromsø
4. Midtre Hålogaland tingrett; Sortland, Harstad og Narvik
5. Salten og Lofoten tingrett; Svolvær og Bodø
6. Helgeland tingrett; Sandnessjøen, Brønnøysund og Mo i Rana

Frostating lagdømme

Frostating lagmannsrett, Trondheim

7. Trøndelag tingrett; Brekstad, Namsos, Steinkjer og Trondheim
8. Møre og Romsdal tingrett; Volda, Ålesund, Molde og Kristiansund

Gulating lagdømme

Gulating lagmannsrett, Bergen

9. Sogn og Fjordane tingrett; Sogndal og Førde
10. Hordaland tingrett; Lofthus og Bergen
11. Haugaland og Sunnhordland tingrett; Stord og Haugesund
12. Sør-Rogaland tingrett; Stavanger, Sandnes og Egersund

Agder lagdømme

Agder lagmannsrett, Skien

13. Agder tingrett; Farsund, Kristiansand og Arendal
14. Telemark tingrett; Kviteseid, Notodden og Skien
15. Vestfold tingrett; Larvik, Tønsberg og Horten

Borgarting lagdømme

Borgarting lagmannsrett, Oslo

16. Oslo tingrett; Oslo
17. Ringerike, Asker og Bærum tingrett; Hønefoss og Sandvika
18. Buskerud tingrett; Drammen, Hokksund, Kongsberg og Nesbyen
19. Søndre Østfold tingrett; Fredrikstad, Halden, Moss og Sarpsborg

Eidsivating lagdømme

Eidsivating lagmannsrett, Hamar


20. Vestre Innlandet tingrett; Fagernes, Gjøvik, Lillehammer og Vågåmo
21. Østre Innlandet tingrett; Elverum, Hamar og Tynset
22. Romerike og Glåmdal tingrett; Eidsvoll, Kongsvinger og Lillestrøm
23. Follo og Nordre Østfold tingrett; Mysen og Ski

Målestokk 1 : 6mill

Per Terje Mortensen 2023
Domstoladministrasjonen



JORDSKIFTERETTANE



Særdomstolar og andre domstolliknande forvaltningsorgan **Jordskifterettane**

Jordskifteretten er ein særdomstol som arbeider med saker knytt til fast eigedom. Deira kompetanse er nærare regulert i jordskiftelova. Jordskifteretten er førsteinstans, og lagmannsretten, deretter Høgsterett, er ankeinstansar. Det er i dag 19 jordskifterettar. Ti av desse har to eller fleire rettsstadar. Dette sikrar nærleik til eigedomane som jordskifteretten sine saker er knytt til. Totalt er det 34 rettsstadar.

Finnmarkskommisjonen og Utmarksdomstolen for Finnmark

Finnmarkskommisjonen blei oppretta i medhald av Stortingsvedtak om Finnmarkslova frå 2005. Kommisjonen skal kartlegge eksisterande bruks- og eigarrettar som folk i Finnmark har erverva på grunnlag av langvarig bruk. Kartlegginga av desse rettane omfattar den grunnen som Finnmarkseigedommen (FeFo) overtok då finnmarkslova trådde i kraft i 2005. Kommisjonen skal under visse føresetnader også greie ut krav om rett til fiskeplassar i sjø- og fjordområde i Finnmark, og interne forhold i reindrifta. Kommisjonen sine utgreiingar kan krevjast inn for Utmarksdomstolen for Finnmark.

Les meir om Finnmarkskommisjonen på domstol.no.

Utmarksdomstolen for Finnmark er ein særdomstol som behandlar dei rettstvistan som kan oppstå når Finnmarkskommisjonen har kartlagt bruks- og eigarrettar. Domstolen er oppretta i medhald av finnmarkslova, og den har vore i aktivitet sidan 2014. Avgjerder frå Utmarksdomstolen kan ankast direkte til Høgsterett.

Les meir om Utmarksdomstolen for Finnmark på domstol.no.

Domstoladministrasjonen

Domstoladministrasjonen er eit sjølvstendig organ med eige styre. Domstoladministrasjonen skal ta vare på og støtte opp under sjølvstendet til domstolane og dommarane, og arbeide

for at verksemda til ei kvar tid oppfyller forventingane i samfunnet.

Domstoladministrasjonen har ansvaret for den sentrale administrasjonen av domstolane i Noreg. Den har også ein overordna arbeidsgivarfunksjon for dei alminnelege domstolane og jordskifterettane.

Høgsterett står i ei særstilling blant dei norske domstolane. Dette pregar også samarbeidet med Domstoladministrasjonen. Høgsterett har mange eigne løysingar som skal sikre sjølvstendet til domstolen.

Domstoladministrasjonen sitt ansvar overfor domstolane i første og andre instans omfattar mellom anna

- økonomi
- organisasjonsutvikling
- kompetansetiltak
- kommunikasjonsarbeid
- drift og utvikling av IKT-systema

Domstoladministrasjonen har det overordna administrative ansvaret for Finnmarkskommisjonen og Utmarksdomstolen for Finnmark.

Styret for Domstoladministrasjonen

Domstoladministrasjonens arbeid blir leia av eit styre med ni medlemmer. Dei skal passe på at domstolane er administrert forsvarleg og formålstenleg. Styret skal behandle saker som er viktige for Domstoladministrasjonen, under dette budsjettforslag for domstolane og Domstoladministrasjonen, og fordeling av budsjettmiddel innanfor dei rammene som er fastsette av Stortinget. Dei skal også gi generelle retningslinjer for verksemda til Domstoladministrasjonen.

Sju av dei ni medlemmene i styret blir utnemnde av Kongen i statsråd, og to medlemmer blir valde av Stortinget.

Styret for perioden 1. august 2021–31. juli 2023 består av:

Styreleiar: Cecilie Østensen Berglund, høgsterettsdommar
Vara: Arne Ringnes, høgsterettsdommar

Nestleiar: Tor Christian Carlsen, tingrettsdommar
Vara: Håkon Rastum, sorenskrivar

Medlem: Marianne Vollan, førstelagmann
Vara: Bjørnar Stokkan, lagmann

Medlem: Arnulf O. Prestbakmo, jordskifterettsleiar
Vara: Arve Konstali, jordskifterettsleiar

Medlem: Hallvard Østgård, advokat
Vara: Ingvild Thorn Nordheim, førstestatsadvokat

Medlem: Anne Helsingeng, advokat
Vara: Rannveig Sem, advokat

Medlem: Marit Nybakk, tidlegare stortingsrepresentant
Vara: Karin Woldseth, tidlegare stortingsrepresentant

Medlem: Kårstein Eidem Løvaas, tidlegare stortingsrepresentant
Vara: tidlegare stortingsrepresentant Ingebrigt S. Sørffonn, Fitjar

Medlem: Bente Fanavoll, administrasjonssjef
Vara: Wenche Nilsen, rådgivar


Leiinga i Domstoladministrasjonen består av:
Direktør: Sven Marius Urke

Avdelingsdirektørar:

- HR og kommunikasjon: Siri Forren
- Informasjon og teknologi: Olav Berg Aasen
- Innovasjon og domstolsutvikling: Ingrid Olsen
- Rettsavdelinga: Solveig Moen
- Økonomi og styring: Jann Ola Berget

	Mengd tilsette	Årsverk
Domstoladministrasjonen	176,0	174,7
Fast tilsette	164,0	163,1
Mellombels tilsette	11,0	10,6
Åremåtilsette	1,0	1,0

Domstoladministrasjonens organisasjonskart per 31.12.2022



Tilsette i Noregs domstolar per 31.12.2022

	Antal tilsette	Summar av årsverk
Domstoladministrasjonen	176,0	174,7
Fast tilsette	164,0	163,1
Mellombels tilsette	11,0	10,6
Åremåltilsette	1,0	1,0
Finnmarkskommisjonen	10,0	9,6
Fast tilsette	9,0	8,8
Mellombels tilsette	1,0	0,8
Høgsterett	76,0	75,3
Embedsmenn	22,0	22,0
Fast tilsette	52,0	51,8
Mellombels tilsette	2,0	1,5
Jordskifterett	241,0	231,6
Avvikande mellombelse tilsette	2,0	2,0
Embedsmenn	72,0	70,9
Fast tilsette	149,0	142,8
Mellombels tilsette	15,0	13,1
Vikarar	3,0	2,8
Lagmannsrett	322,0	317,0
Avvikande mellombelse tilsette	17,0	17,0
Embedsmenn	177,0	174,9
Fast tilsette	117,0	114,8
Mellombels tilsette	3,0	2,4
Vikarar	8,0	8,0
Tingrett	1 252,0	1 224,1
Avvikande faste tilsette	1,0	1,0
Avvikande mellombelse tilsette	25,0	25,0
Ekstrahjelp	1,0	0,5
Embedsmenn	381,0	380,1
Fast tilsette	653,0	628,2
Mellombels tilsette	169,0	167,9
Vikarar	22,0	21,3
Utmarksdomstolen	6,0	1,6
Avvikande mellombelse tilsette	5,0	0,8
Embedsmenn	1,0	0,8
Totalsum	2 078,0	2 025,0

Merknad til tabellen:

Avvikande mellombelse tilsette: Konstituert dommar som ikkje er tilsett i domstolen frå før.

Avvikande faste tilsette: Konstituert dommar som til vanleg er embetsdommar i ein annan domstol.

Tilsynsutvalet for dommarar

Tilsynsutvalet for dommarar er eit disiplinærorgan som behandlar klagar på dommarar. Utvalet er utnemnt av Kongen i statsråd. Ordninga gjeld forutan dei faste embetsdommarane også mellombelse dommarar og dommarfullmektigar. Tilsynsutvalet består av to representantar for allmenta, ein advokat, to dommarar frå dei alminnelege domstolane og ein jordskiftedommar.

Les meir om Tilsynsutvalet.**Innstillingsrådet for dommarar**

Innstillingsrådet er eit eksternt, sjølvstendig og uavhengig organ. Dommarar i Høgsterett, lagmannsrettane, tingrettane, jordskifterettane og Utmarksdomstolen for Finnmark blir utnemnt av Kongen i statsråd etter innstilling frå Innstillingsrådet for dommarar.

Les meir om Innstillingsrådet for dommarar.**Sidegjere målsregisteret for dommarar**

Sidegjere målsregisteret er ei oversikt over tillitsverv, investeringar og anna som ein dommar har ved sida av jobben

sin. Registeret gjer det lettare for partar/advokatar å gjennomføra undersøkingar rundt habiliteten til dommaren.

Les meir om Sidegjere målsregisteret.**Nøkkeltal frå 2022****Tingrettane**

I 2022 kom det inn éin prosent færre tvistesaker til tingrettane enn i 2021. Talet på avslutta saker blei litt redusert samanlikna med året før. Restansane av tvistesaker har blitt redusert gjennom 2022. Om lag 1/3 av tingrettane var utanfor Stortinget sitt mål om ei saksbehandlingstid på seks månader.

Dei største kategoriane av tvistar som kom inn til domstolane, var:

- Alminnelege tvistesaker (46 prosent)
- Saker etter barnelova (21 prosent)
- Overprøving ved tvangsvedtak (9 prosent)
- Arbeidsrettssaker (5 prosent)



Sidan 2006 har rettsmekling vore eit tilbod ved alle tingrettane og lagmannsrettane. I tingrettane blei det i 2022 halde rettsmeklingsmøte i 1878 saker (2109 i 2021), og 1393 saker er registrerte som forlikte etter rettsmekling (1473 i 2021).

Saksavvikling 2022

Sakstypar i tingrettane	Tal saker i 2022 (endring frå 2021)			Gj. snittleg sakbeh.tid	Domstolar utanfor mål	Mål
	Innkomne saker	Avgjorde saker	Restanse			
Tvistesaker	12 159 (-1 %)	12 231 (5 %)	6 011 (-1 %)	5,6 md. (-)	35 % (26 %)*	6 md.
Einedommar-saker	52 209 (6 %)	52 185 (5 %)	1 729 (1 %)	0,4 md. (-)	0 % (0 %)*	1 md.
Meddomsretts-saker	13 823 (-1 %)	13 981 (-1 %)	3 107 (-5 %)	2,7 md. (- 0,1)	30 % (43 %)*	3 md.



Innkomne saker i tingrettene 2018–2022

- Sivile tvistesaker
- Meddomsrettssaker
- Einedommarsaker




Avgjorte saker i tingrettene 2018–2022

- Sivile tvistesaker
- Meddomsrettssaker
- Einedommarsaker




Antal saker i restanse 2018–2022

- Sivile tvistesaker
- Meddomsrettssaker
- Einedommarsaker



Gjennomsnittlig saksbehandlingstid (md.)

- Sivile tvistesaker
- Meddomsrettssaker
- Einedommarsaker



I 2022 var det ein liten reduksjon i talet på innkomne meddomsrettssaker i tingrettane. Det kom inn vesentleg fleire einedommarsaker samanlikna med året før. Antalet på avvikla meddomsrettssaker er noko lågare i 2022 enn i 2021, medan talet på avslutta einedommarsaker har auka. Restansane er små ved inngangen til 2023. Talet på straffesaker med over seks års strafferamme i tingrettane auka jamt til knapt 1000 saker i 2020. Dei to siste åra har talet på slike saker blitt litt redusert (842 innkomne saker i 2022). Samla viser årsstatistikken at gjennomsnittleg saksbehandlingstid er redusert for avgjorte meddomsrettssaker i 2022, frå 2,8 månader i 2021 til 2,7 månader i 2022. Færre tingrettar er utanfor målsettinga for saksbehandlingstid i meddomsrettssakene i 2022 (30 prosent i 2022 mot 43 prosent i 2021).

Lagmannsrettane

For ankar over dom i sivile saker blei saksinngangen redusert med ti prosent frå 2021, medan talet på avslutta saker gjekk ned med elleve prosent i 2022 samanlikna med 2021. Lagmannsrettane avslutta fleire saker enn det som kom inn, og restansane blei ytterlegare redusert.

Lagmannsrettane fekk inn noko færre straffeankar til ankeprøving enn i 2021. Ved inngangen til 2020 blei det gitt utvida høve til å nekte fremme av saker med

strafferamme på over seks år. Den delen saker som blir vist til realitetsbehandling auka litt i 2022 samanlikna med både 2020 og 2021. Samanlikna med 2021, blei det vist nokre fleire bevisankar med strafferamme strafferamme seks år og lågare til realitetsbehandling. Det var ein reduksjon i talet på bevisankar med strafferamme over seks år, samanlikna med 2021. Lagmannsrettane har behandla fleire saker enn det som har blitt vist til realitetsbehandling for alle dei fire straffesakstypene, og restansane av saker til behandling blei dermed redusert vesentleg i løpet av 2022.

Saksbehandlingstida har det siste året blitt redusert for alle sakstypar. For sivile ankesaker blei den redusert med 1,2 månader, for avgrensa ankar i straffesak med 1,3 månader og for bevisankar over seks år med 1,1 månader samanlikna med 2021. Samla for alle lagmannsrettane var saksbehandlingstida i 2022 under målet på seks månader i sivile ankar over dom. Det var fire av seks lagmannsrettar som klarte målet i 2022. Alle lagmannsrettane hadde saksbehandlingstider som var lenger enn målet på tre månader i straffesakene.


Av dei avgjorte sakene i lagmannsrettane blei det i 2022 halde rettsmeklingsmøte i 191 saker (202 i 2021), og 137 saker er registrerte som forlikte etter rettsmekling (142 i 2021).

Saksavvikling 2022

Sakstyper	Innkomne saker	Avgjorde saker	Restanse	Gj.snittleg saksbeh.tid	Domstolar utanfor mål	Mål
Anke over dom i sivile saker	1 583 (-10 %)	1 769 (-11 %)	651 (-22%)	5,6 (-1,2)	2 (2)	6 md.
Anke over dom i straffesaker	2 558 (-7 %)	2 571 (-11 %)	185 (-10 %)	0,8 (-0,4)		
Fagdommar	287 (-)	314 (6 %)	79 (-25 %)	4,4 (-0,2)	6 (5)	3 md.
Avgrensa anke straffesak	78 (-4 %)	89 (1 %)	21 (-34 %)	4,6 (-1,3)	6 (6)	3 md.
Bevisanke 6 år og lågare	400 (3 %)	421 (11 %)	172 (-11 %)	5,8 (-0,6)	6 (6)	3 md.
Bevisanke over 6 år	234 (-8 %)	269 (0 %)	100 (-26 %)	6,2 (-1,1)	6 (6)	3 md.


Innkomne saker 2018–2022

- Anke over dom i sivile saker
- Fagdommarsaker
- Meddomsrett – avgrensa anke
- Bevisanke 6 år og lågare strafferamme
- Bevisanke over 6 års strafferamme




Antal behandla saker 2018–2022

- Anke over dom i sivile saker
- Fagdommarsaker
- Meddomsrett – avgrensa anke
- Bevisanke 6 år og lågare strafferamme
- Bevisanke over 6 års strafferamme




Antal saker i beholdning 2018–2022

- Anke over dom i sivile saker
- Fagdommarsaker
- Meddomsrett – avgrensa anke
- Bevisanke 6 år og lågare strafferamme
- Bevisanke over 6 års strafferamme



Gjennomsnittleg saksbehandlingstid (md.)

- Anke over dom i sivile saker
- Fagdommarsaker
- Meddomsrett – avgrensa anke
- Bevisanke 6 år og lågare strafferamme
- Bevisanke over 6 års strafferamme



Jordskifterettane

I 2022 fekk jordskifterettane inn 1156 saker. Det er ein reduksjon frå året før (-15 prosent). Det kom inn færre rettsfastsetjande saker, rettsendrande saker og skjønn. For saker om gjenåpning er det mindre endringar i 2022 samanlikna med året før.

Jordskifterettane avgjorde 1399 saker i 2022. Det er ein auke på seks prosent samanlikna med året før. Svært høg avvikling av saker og låg saksinngang har medført at restansane er markant redusert gjennom 2022 (-13 prosent).

Gjennomsnittleg saksbehandlingstid for avslutta saker var 16,3 månader. Det er ein liten auke samanlikna med 2021. Markant nedarbeiding av restansar medfører gjerne mellombels auke i gjennomsnittleg saksbehandlingstid sidan ein har avslutta fleire saker med høg alder enn det som er vanleg. Det er betydelege forskjellar i gjennomsnittleg saksbehandlingstid mellom dei enkelte jordskifterettane.

Høgsterett

I 2022 avgjorde Høgsterett 56 sivile saker og 55 straffesaker etter munnleg ankebehandling i avdeling. Høgsterett fekk inn i alt 2155 ankesaker, fordelt på 457 ankar over dom i sivile saker, 379

ankar over dom i straffesaker, 580 ankar over orskurd eller vedtak i sivile saker og 739 ankar over orskurd eller vedtak i straffesaker. [Les meir om saksavvikling i årsmeldinga til Høgsterett.](#)

Samisk rettstryggleik i domstolane

Det følger av Grunnlova § 108 at «Dei statlege styresmaktene skal leggje til rette for at den samiske folkegruppa kan tryggje og utvikle samisk språk, kultur og samfunnsliv». Dette gjeld også for domstolane. Behandlinga av samiske saker i rettsapparatet reiser ofte viktige og prinsipielle spørsmål, jamfør til dømes Fosen-saka og fleire andre saker knytt til arealkonfliktar. Det er derfor viktig å sørge for tilstrekkeleg kompetanse i domstolane.

Som ledd i dette arbeidet blei eit breiare syn på utviklinga av sameretten belyst ved seminaret «Samiske saker i norske domstoler - internasjonale og nasjonale perspektiver». Seminaret blei arrangert i mars 2022 i eit samarbeid mellom Høgsterett, PluriCourts og Domstoladministrasjonen ved samisk forum. Både høgsterettsjustitiarius Toril Marie Øie og sametingspresident Silje Karine Muotka holdt innlegg. Det same gjorde tidlegare

Saksavvikling 2022

Sakstypar i jordskifterettane	Tal saker i 2022 (endring frå 2021)			Gj.snittleg saksbeh.tid	Foreslåtte mål
	Innkomne	Avgjorde	Restanse		
Jordskiftesak	1 357 (-15 %)	1 399 (6 %)	1 603 (-13 %)	16,3 md. (0,3)	
Rettsendrande:	365 (-15 %)	426 (-5 %)	632 (-8 %)	18,9 md. (0,4)	15 md.
Rettsfastsetjande:	719 (-15 %)	890 (14 %)	897 (-16 %)	15,4 md. (0,3)	9 md.

Fakta

Noregs domstolar arbeider aktivt med å auke bruken av samiske språk, mellom anna gjennom omsetjing av rettsavgjerder og ved å nytte samisk i årsmeldingar og på domstol.no.

høgsterettsjustitiarius Carsten Smith og styreleiar i Domstoladministrasjonen, høgsterettsdommar Cecilie Østensen Berglund.

Arrangementet hadde deltakarar frå inn- og utland, det var sterk samisk deltaking, og aktørane i retten var godt representerte. Nesten alle dommarane i Noregs Høgsterett var med, og også høgsterettsdommarar frå Sverige og Finland deltok. Det var også god deltaking frå dommarar i andre lågare instansar, saman med advokatar, representantar for påtalemakta og deltakarar frå forvaltinga. Seminaret vart strøymt på Høgsteretts nettside. Erfaringane frå seminaret viser at det har bidradd til å styrka kunnskap om og forståing for samerettslege problemstillingar.

I 2022 er det gjennomført ei evaluering av det samiske forumet i domstolane med det formål å styrke det vidare arbeidet med samane si rettssikkerheit. Arbeidet i forumet vil bli omorganisert for å sikre at alle domstolane blir omfatta av kompetansearbeidet på feltet, men der ansvaret for arbeidet vil ligge hos

domstolane i det samiskspråklege forvaltingsområdet.

Noregs domstolar arbeider aktivt med å auke bruken av samiske språk, mellom anna gjennom omsetjing av rettsavgjerder og ved å nytte samisk i årsmeldingar og på domstol.no. Som ei oppfølging av NOU 2016:18 Hjertespråket har Domstoladministrasjonen tatt initiativ til å setje ned ei arbeidsgruppe som er samansett av representantar frå Politidirektoratet, politiet, kriminalomsorga og konfliktråda. Ein ønskjer å få nærare utgreia om ei samordning av relevante tiltak mellom dei aktuelle organisasjonane vil vere formålstenleg. Arbeidsgruppa fekk frist til januar 2023.

Domstoladministrasjonen har jamleg kontakt med Sametinget gjennom samtalar og konsultasjonar. I 2022 har det mellom anna vore samtalar om samars rettstryggleik generelt, domstolsstruktur og moglegheit for samisk rettscenter i Tana. Dette vil bli følgt opp i 2023.



Både høgsterettsjustitiarius Toril Marie Øie og sametingspresident Silje Karine Muotka holdt innlegg på seminaret «Samiske saker i norske domstoler - internasjonale og nasjonale perspektiver». Det same gjorde tidlegare høgsterettsjustitiarius Carsten Smith.

Foto: Rizwana Yedicam / Høgsterett



Andre mål av betydning for domstolane

Undersøkinga om tiltru

Kvart år gjennomfører Ipsos ei undersøking om befolkninga si tiltru til ulike statlege organ.


Undersøkinga for 2022 viser at 87 prosent av befolkninga har svært stor eller ganske stor tiltru til domstolane, mot 90 prosent i 2021. Resultata for 2022 viser ein nedgang i kor mange som har svært stor tiltru til domstolane. I 2022 hadde 37 prosent av befolkninga svært høg tiltru

til domstolane, mot 47 prosent i 2021. Undersøkinga vart teken opp samtidig med at det var stor merksemd rundt to krevjande saker: Gjenopptakinga av Baneheia-saka og erstatningsdommen mot den tidlegare tiltalte i Tengs-saka som var frifunnen, som blei oppheva i fjor av Agder lagmannsrett. Likevel viser undersøkinga for 2022 at tiltrua til domstolane framleis er stor.

Samanlikna med politiet, regjeringa og Stortinget kjem domstolane best ut i undersøkinga dette året når det gjeld kor mange som oppgir å ha «svært høg tiltru».


Tiltru til domstolane 1996–2022

- Svært stor tiltru
- Ganske stor tiltru



Tiltru utvalde institusjonar

- Svært stor tiltru
- Ganske stor tiltru



Rule of Law Index

Kvart år rangerer World Justice Project (WJP), ein internasjonal sivilsamfunnsorganisasjon som arbeider for å fremme rettsstaten rundt om i verda, ein **Rule of Law Index** om rettstryggleiken. I 2022 deltok 140 land. Både intervju med privatpersonar og juridiske ekspertar og studiar ligg til grunn for rangeringa.

WJP ser på åtte indikatorar:
Maktfordeling, fråvær av korrupsjon, openheit i forvaltinga, fundamentale

rettar, lov og orden, handheving av regelverk og korleis rettssystemet fungerer, konfliktløysing, tvistemål og straffesaker.

Noreg er framleis på andreplass, etter Danmark. Noreg er rangert som beste land i kategoriane openheit i forvaltinga (open government) og straffesaker (criminal justice).

Norway

Region: EU, EFTA, and North America
Income Group: High

The scores range from 0 to 1, where 1 signifies the highest possible score and 0 signifies the lowest possible score.

Overall Score	Regional Rank	Income Rank	Global Rank
0.89	2/31	2/43	2/140
Score Change	Rank Change		
-0.01 ▼	0		

	Factor Score	Score Change	Regional Rank	Income Rank	Global Rank
Constraints on Government Powers	0.93	-0.01	2/31	2/43	2/140
Absence of Corruption	0.93	-0.01	2/31	2/43	2/140
Open Government	0.87	-0.01	1/31	1/43	1/140
Fundamental Rights	0.91	0.00	2/31	2/43	2/140
Order and Security	0.93	-0.01	4/31	5/43	5/140
Regulatory Enforcement	0.87	-0.01	2/31	2/43	2/140
Civil Justice	0.84	-0.01	2/31	2/43	2/140
Criminal Justice	0.84	-0.01	1/31	1/43	1/140



* Indicates statistically significant change at the 10 percent level

■ Low ■ Medium □ High

III. Årets aktivitetar og resultat

Som ledd i det strategiske arbeidet blir det sett årlege mål. I 2022 var måla:

Mål 1

Ein brukar- og utviklingsorientert konfliktløysar

Utviklingsområde

1.2. Korrekte avgjerder til rett tid

Tiltak

Oppnå sterkare fagmiljø som ledd i strukturreforma - med konkrete tiltak som blir fastsette i Oppdrags- og tildelingsbrev etter dei individuelle dialogmøta til hausten.

Mekling

Fristsaker: utvikling av rutinar og system knytt til tidfesting av saker i og for tingrettar og lagmannsrettar.

Samhandling på nasjonalt nivå, særleg med riksadvokaten og Advokatforeininga for å utvikle føringar/ kulturendringar som fremmar effektiv gjennomføring av desse sakene

Mål 2

Digitalt rettsliv

Utviklingsområde

2.1 Stabile, sikre og fleksible IKT-løysingar

Tiltak

Arbeide for å hindre hendingar og avvik gjennom kompetansarbeid og implementering av rutinar og rammeverk innanfor personvern og informasjonstryggleik.

Utviklingsområde

2.2 Digital rettsprosess og brukarkommunikasjon
2.4 Målretta kompetanse-tiltak og støtte til interne brukarar i domstolane

Tiltak

Sikre at medarbeidarar i domstolen tar i bruk og utnyttar moglegheitene for forenkling og effektivisering som ligg i nye digitale løysingar og tenester.

Mål 3

Samsvar mellom ressursar og oppgåver

Utviklingsområde


3.2 Betre ressursutnytting

Tiltak

Oppnå betre ressursutnytting i samband med strukturreforma - med konkrete tiltak som blir fastsette i Oppdrags- og tildelingsbrev etter dei individuelle dialogmøta til hausten

**Aktiv saksstyring
Oppnå betre ressursutnytting i samband med strukturreforma - med konkrete tiltak som blir fastsette i Oppdrags- og tildelingsbrev etter dei individuelle dialogmøta til hausten**

Aktiv saksstyring



Strategisk plan - Domstolane 2025

Domstolane følgjer i stor grad opp dei prioriteringane og tiltaka som styret har fastsett for 2022.

Alle domstolar som er omfatta av domstolsreforma, har frå februar 2022 fram til oktober 2022 rapportert i fleire omgangar på tiltaka og effektane av **betre ressursutnytting og styrka fagmiljø**. Resultata er samanfatta i rapporten **Domstolsstruktur 2021 Sammen drag av høringssvar og effekter av ny domstolstruktur**, som blei publisert i november 2022. Det overordna inntrykket av tilbakemeldingane er at domstolane i større grad enn tidlegare år arbeider systematisk med tiltak som gir betre ressursutnytting og styrkar fagmiljøa. Mykje av dette kjem av ny domstolsstruktur og moglegheitene det har gitt for etablering av faggrupper på tvers av rettsstadane, nye felles rutinar, bruk av ressursar på tvers, større fagmiljø og mindre sårbarheit.

Domstolane som er omfatta av domstolsreforma, rapporterer at dei har nytta dommarressursane på tvers av rettsstadane, fleire i stor eller svært stor grad. Dette blir i hovudsak opplevd

positivt fordi ein blir mindre sårbare og løyser sakene raskare, får fleire kollegaer og meir variasjon i arbeidsdagen. Alle nye domstolar nyttar saksbehandlarressursar på tvers av rettsstadane, frå i liten til i stor grad. Dette blir i det alt vesentlege opplevd positivt for saksbehandlarane, gir jamnare arbeidsbelastning, reduserer sårbarheit og bidrar til redusert saksbehandlingstid og restansar. Også i jordskifterettane blir ingeniørressursane nytta på tvers av rettsstadane, og nokre stadar også på tvers av rettsgrensene.

Den nye strukturen, med større og styrka fagmiljø, legg godt til rette for ytterlegare bruk av rettsmekling i sivile saker. Mekling har vore tema på dommarseminara i 2022, og første modul av Kompetanseløp for rettsmeklarar er gjennomført. Kompetanseløpet har som formål å auke talet på rettsmeklingar, betre kvaliteten på rettsmeklingane og bidra til eit einskapleg rettsmeklingstilbod for brukarane.

Tingrettane har hatt ein stabil meklingsandel på 27 prosent dei tre siste åra. I 2022 har det vore ein auke i forliksprosent frå 70 prosent i 2021 til 74 prosent i 2022. Lagmannsrettane har hatt ein stabil meklingsandel på 11-12 prosent dei tre siste åra. I 2022 har det vore ein auke i forliksprosent frå 70 prosent i 2021 til 72 prosent i 2022. Alle lagmannsrettane

og nesten alle tingrettane har i individuelle dialogmøte hausten 2022 sett måltal for mekling for 2023.

Aktiv saksstyring har vore ei prioritert satsing over fleire år, både i sivilprosessen og i straffeprosessen. I 2022 har det vore arbeidd særleg med å implementere endringar i straffeprosesslova som trådde i kraft 1. juli. Dette er gjort i form av ein ajourført rapport frå april 2022 om **Betre og meir effektiv straffesaksbehandling i domstolane**, som er tatt i bruk i domstolane og gjort kjent for andre aktørar i straffesakskjeda. Domstoladministrasjonen har arbeidd aktivt før lovendringane i straffeprosessloven trådde i kraft gjennom webinarar, e-læring, endringar i Lovisa og via intranett.

Alle dei alminnelege domstolane rapporterer på konkrete tiltak for å halde dei lovbestede fristane (**fristsakene**), mellom anna i saker med mindreårige. Dei fleste domstolane peikar på at dei får sett av tid til desse sakene innan fristen gjennom omfordeling av ressursar internt, men at det er eksterne faktorar som er årsaka når måla for saksbehandlingstid ikkje blir haldne i eit mindretal av sakene. Ei årsak til dette som blir spesielt nemnt, er at aktørar frå påtalesida ikkje kan stille innan fristen. Mange domstolar har eit konkret samarbeid med statsadvokatane/påtale om tidfesting på førehand for å sikre at fristane blir haldne.

Det har vore ei toårig satsing på **personvern og informasjonstryggleik**. I løpet av 2022 har Domstoladministrasjonen arbeidd tett med domstolane i samband med innføringa av det administrative personvernverktøyet Samsvar personvern. Domstolane har fått betre kompetanse på, og forståing for, personvern i samband med innføringa av verktøyet. Dei fleste domstolane rapporterer om at det har vore auka merksemd på personvern det siste året. Dei fleste domstolane har dedikerte ressursar, noko som sikrar kontinuitet i personvernarbeidet.

Domstolane har ikkje blitt ramma av alvorlege cyberangrep i 2022, trass i at IT-systema kontinuerleg blir utsette for

angrepsforsøk og forsøk på å kartleggje svake sider i tryggleiksbarrierane. På informasjonstryggleiksområdet blei det i 2022 gjennomført mange tryggleikskultur- og kompetansebyggjande aktivitetar. Eit stort fleirtal av domstolane (88 prosent) meiner at dei framleis har behov for å styrke eigen kompetanse innan informasjonstryggleik. Informasjonstryggleik har vore tema på samlingar for domstolsleiarar, administrasjonssjefar, dommarar og dommarfullmektigar, og for nye tilsette i Domstoladministrasjonen. I samband med nasjonal tryggleiksmånad blei det gjennomført ein felles serie med e-læring. 90 prosent av domstolane oppgir at dei har nytta tryggleiksmånaden aktivt for å auke medvitnet om informasjonstryggleik.

Sikre og stabile IKT-løysingar i ein digital rettsprosess

Året 2022 har på mange måtar vore eit normalår når det gjeld basis IT-drift og hendingar knytt til denne. Dessverre har det vore hendingar som har forstyrra verksemda til domstolane, men vi har ikkje hatt store, alvorlege hendingar. Mange av avbrota har oppstått som følgje av tryggleiksoppgraderingar og nødvendige endringar av systema. Det blir kontinuerleg arbeidd for å minimere risiko for at det skal oppstå nedetid som ikkje er planlagt.

Styrka fundament for informasjonstryggleik og informasjonsforvaltning

Digitalisering av rettsprosessen har så langt gitt gode resultat. Samtidig har det avdekka at vidare arbeid er avhengig av eit styrka fundament for informasjonstryggleik og informasjonsforvaltning.

Prosjektet «Informasjonssikkerhet under Digitale Domstoler II» er organisert med tre deloppdrag for å svare på behova:

- Tryggleiksarkitektur
- Identitets- og tilgangsstyring
- Informasjonsforvaltning

Deloppdraget Tryggleiksarkitektur skal innføre ein framtidsretta tryggleiksmodell, med mikrosegmentering som eit viktig teknisk grep. Identitets- og tilgangsstyring

Fakta

Mikrosegmentering er ein metode for å dele eit datanettverk eller system i mange isolerte segment. Dette blir gjort for å avgrensa konsekvensen ved skadeleg programvare og trojanske angrep, ved at angrepsflata blir avgrensa til eitt segment i staden for heile datanettverket eller systemet.

introduserer eit nytt IGA-system (Identity Governance and Administration) for å ta hand om identitetar, roller og rettar i IT-systema. Det tredje deloppdraget skaper god intern oversikt gjennom kartlegging av informasjonen som domstolane behandlar.

På grunn av gjennomføringa av domstolsreforma i 2021, blei oppstarten av prosjektet utsett cirka åtte månader. Dei tre deloppdraga i prosjektet er planlagt med gjennomføringsaktivitetar ut kalenderåret 2023.

Modernisering av Lovisa

Domstolane sitt saksbehandlingssystem Lovisa blei utvikla tidleg på 2000-talet, og det har gjennomgått fleire moderniseringsløft. Hausten 2022 blei det starta ei ytterlegare modernisering. Arbeidet vil i hovudsak modernisere den underliggjande tekniske delen av Lovisa og rydde bort flaskehalsar som eksisterer der i dag. Dette er heilt avgjerande for å kunne gå vidare med digitalisering av domstolane, med monaleg større innslag av strukturerte data og gjenbruk av data i saksbehandlinga.

Moderniseringa vil også leggje til rette for meir samhandling med eksterne, ha auka merksemd på datadeling, gi betre tryggleik og ta betre vare på personvernet. I tillegg vil systemet vi har i dag bli modernisert ved at ein utviklar ei webbasert arbeidsflate. Målet for moderniseringa er mellom anna raskare behandlingstid og ei meir konsistent saksbehandling i domstolane, og å gi ei utvida vedtaksstøtte til dei som bruker systemet.

I 2022 har arbeidet handla mykje om organisering og oppstart av arbeidet. Det har vore gjort eit større forarbeid, og det har blitt arbeidd med endringar i den tekniske arkitekturen. Det har også blitt utvikla ein del felleskomponentar som vil bli ein del av ei modernisert løysing, og det er i gang med å utvikle ei ny og forbetra autentisering av brukarar.

Digital arbeidsplass og Microsoft 365

Digital arbeidsplass er ein langsiktig strategi for å sikre at domstolane har digitale verktøy til å arbeide effektivt og sikkert, i samsvar med regelverk og i tråd

med utviklinga elles i samfunnet. Den digitale arbeidsplassen i verksemda skal tilby digitale tenester og applikasjonar, som er tilpassa til arbeidsoppgåver og behov for systemstøtte for den enkelte medarbeidaren. Målet er auka produktivitet, betre kommunikasjon og samarbeid, og betre kunnskapsdeling.

Microsoft 365 (M365) er første steg i retning mot Digital arbeidsplass. Domstolane si tilnærming til M365 vil skje i tre steg. Det første vil vere ei generell modernisering av den tekniske plattformen. Den plattformen vi har i dag, har tent domstolane godt i mange år, men den er etter kvart blitt eit hinder for vidare utvikling og effektiv drift. Det andre steget dreiar seg om informasjonstryggleik. Domstolane har dei siste åra satsa sterkt på tilstrekkeleg sikring av IT-systema til verksemda. Ved ei innføring av M365 som ei ny og moderne plattform, får domstolane dei nødvendige verktøya for ytterlegare heving av informasjonstryggleiken i verksemda. Det tredje steget går på å heve medarbeidarane sin produktivitet og fjerne tidstjuvar i kvardagen.

Arbeidet i 2022 har i stor grad dreia seg om å identifisere, dokumentere og planleggje aktivitetar innan teknisk utvikling, kommunikasjon og kompetansebygging i domstolane. Innføringa av basisverktøya i M365 er planlagt før sommaren 2023.

Allmenngjering av rettspraksis

At rettsavgjerder er allment tilgjengeleg er eit viktig grunnlag for kontroll og kritikk av rettspleia og for tilliten til domstolane. Høgsterett publiserer alle rettsavgjerdene på nettsidene sine. Jordskifterettane har svært mykje av arbeidet sitt, både rettsprotokollar og kart, tilgjengeleg på nett. Saker etter 2016 er dessverre ikkje tilgjengeleg. Elles er det berre eit utval av rettsavgjerdene som blir publiserte i dag, anten av rettsinformasjonssystem eller enkeltdomstolar. Det er særlege reglar for pressa og for innsynet i saker for den enkelte.

«Allmenngjering av rettspraksis» er del av ei større sak om offentlegheit i domstolane, særleg med bakgrunn i den

Fakta

I 2022 blei 20 rettssalar heildigitaliserte, og ytterlegare 20 rettssalar blei oppgraderte for å tilfredsstillere vedtatt standard.

digitale utviklinga og auka etterspurnad etter rettsavgjerder. Derfor blir det arbeidd med eit avgjerdsunderlag for korleis aidentifisering og publisering av avgjerder (som kan offentleggjerast) skal skje. Arbeidet byggjer på ein rapport om «Allmenn offentleggjøring av rettsavgjørelser» (Domstoladministrasjonen, 2020), og har i 2022 i hovudsak handla om alternativ for maskinell aidentifisering. Aidentifisering ved hjelp av kunstig intelligens (KI) er eit svært aktuelt tema, også i europeisk samanheng. Det er derfor oppretta nær kontakt med Europarådet sitt prosjekt «Fostering Transparency of Judicial Decisions and Enhancing National Implementation of the ECHR» (TJENI).

Investering i utstyr

Det har vore investert mykje i teknisk utstyr også i 2022. I tillegg til å halde fram

med heildigitaliseringa av rettssalar, har det vore fokusert på videokonferanseutstyr for å forenkle samarbeidet mellom rettsstadane i ein domstol. Den globale mangelen på teknisk utstyr har resultert i at mange prosjekt har tatt lang tid, og fleire prosjekt har ein måtta utsetje til 2023.

I 2022 blei 20 rettssalar heildigitaliserte. Ytterlegare 20 rettssalar blei oppgraderte for å tilfredsstillere vedtatt standard. I tillegg har det blitt installert 40 videomøterom. Totalt har no omtrent 85 prosent av alle rettssalane tilgang til å bruke videokonferanse i saksbehandlinga. Cirka 35 prosent av alle rettssalane er rekna som heildigitale, og alle domstolane har no gode moglegheiter til å gjennomføre videomøte mellom rettsstadane.



Fakta

I 2022 hadde alle tingrettane tatt i bruk Aktørportalen for meddommarar. Domstol-administrasjonen har også utvikla Aktørportalen for sjølvprosederande partar, som blei tatt i bruk av alle jordskifterettane i 2022.

Digitalisering og IT

Satsing på digitalisering i domstolane

Satsinga på digitalisering i domstolane er forankra i den strategiske planen Domstolane 2025 og Digitale domstolar I og II, og måla for elektronisk samhandling i straffesakskjeda som blir omtalt særskilt nedanfor. Satsinga pregar all utvikling knytt til kjerneverksemda i domstolane. Den overordna ambisjonen er eit digitalt rettsliv, med ein heildigital og saumlaus rettsprosess.

Satsinga tok til i 2017, og sidan 2021 har den omfatta alle domstolane.

Digitalisering vil gi store kvalitative gevinstar for domstolane og andre aktørar ved mellom anna:

- redusert risiko for manuelle feil
- gjenbruk av data og informasjon
- meir sporbare data og betre tryggleik
- betre statistikkgrunnlag og styringsinformasjon
- betre tilgjenge til data og dokument for domstolane og brukarane
- forsterka fundament innanfor informasjonstryggleik og informasjonsforvaltning

Planlagde tiltak i nokre hovudkategoriar:

- produkt- og tenesteutvikling
- utstyr i rettssalar
- informasjonstryggleik og informasjonsforvaltning
- regelverksutvikling
- kompetanse-, organisasjonsutvikling og støtte

I 2022 har tempoet i utviklinga auka vesentleg etter fleire år som har vore prega av pandemi og arbeid med ny domstolsstruktur. I tillegg til å realisere måla i Digitale domstolar I og II, har vi arbeidd med å tilpasse dei digitale tenestene og systemstøtta slik at dei på ein god måte legg til rette for å realisere måla som blei sette i samband med at straffeprosesslova blei endra 1. juli 2022.

Meddommarar på Aktørportalen

I løpet av våren 2022 hadde alle tingrettane tatt i bruk Aktørportalen for meddommarar. Etter det har det vore arbeidd for at også lagmannsrettane skal

kunne ta i bruk denne tenesta. Målet er at alle lagmannsrettane skal ta i bruk Aktørportalen for meddommarar i løpet av første halvår 2023.

Elektronisk samhandling med sjølvprosederande partar

I 2022 har arbeidet med å sikre elektronisk samhandling med sjølvprosederande partar vore prioritert høgt. Jordskiftedomstolane har ein stor del sjølvprosederande partar. Derfor har denne sakstypen vore prioritert i produktutviklinga. Aktørportalen for sjølvprosederande partar har blitt utvikla. Dei første nye tenestene kom på plass sommaren 2022, og i løpet av hausten hadde alle jordskifterettane tatt i bruk den første versjonen både i pågåande og i nye saker. Denne versjonen gir sjølvprosederande partar tilgang til all saksinformasjon og alle dokument elektronisk, samtidig med partar som er representerte ved advokat. Det har vore eit klart mål å bidra til ei einskapleg behandling og betre balanse mellom sjølvprosederande partar og dei partane som er representerte ved advokat. Tenesta er under stadig utvikling, og i løpet av våren 2023 vil den bli ytterlegare utvida slik at den blir ei fullverdig digital løysing.

Det er også gitt auka digital støtte til fleire sakstypar innan kategoriane gjeldssaker, tvangssaker og konkurs, der det er ein advokat som tar hand om dialogen med domstolen.

Oppgjer etter dødsfall

Prosjektet «Oppgjer etter dødsfall» er eitt av fleire tiltak i livshendinga «Dødsfall og arv», som er ei av sju livshendingar der regjeringa har gitt føringar om prioritering av det digitale arbeidet. Dette er eit tverrsektorielt prosjekt som er forankra i Digitaliseringsdirektoratet, og som skal resultere i samhengande tenester for brukarane. Arbeidet er godt i gang. For domstolane betyr arbeidet at store delar av skifteprosessen på sikt vil bli digitalisert. Dette utviklingsarbeidet vil halde fram inn i 2023. Det er også i gang eit parallelt lov- og regelverksarbeid for å sikre eit hensiktsmessig regelverk når nye tekniske løysingar skal lanserast ved årsskiftet 2023/2024.

Tidfesting av saker (beramming)

Både Riksrevisjonen og Domstolskommisjonen har i rapportane sine frå høvesvis 2019 og 2020 peika på utfordringar ved det systemet vi har i dag for tidfesting av saker. Det same har mange domstolar.

Sidan 2021 har det vore arbeidd mykje med å forbetre denne prosessen og å utvikle betre digital støtte på området. I løpet av 2022 er det utvikla ei ny webbasert tidfestingsløyising for domstolane, og domstolane har tatt i bruk fleire tenester i den nye løysinga. Det er planlagt å ha på plass ei løysing som dekkjer dei viktigaste behova knytt til ei effektiv tidfesting av saker i domstolane i løpet av våren 2023.

Elektroniske samhandlingsløyisingar i straffesakskjeda (ESAS)

Elektronisk samhandling har vore eit av satsingsområda for å effektivisere straffesakskjeda. Satsinga på ESAS blei i 2017, 2018 og 2020 finansiert med øyremerkta midlar over statsbudsjettet.

Det blei lagt ned eit betydeleg arbeid i å utarbeide eit nytt framlegg for ei fleirårig satsing på elektronisk samhandling i straffesakskjeda i perioden 2022 og framover.

For domstolane er målet å effektivisere arbeidsprosessane, redusere faren for menneskelege feil, auke tryggleiken rundt informasjonen, og betre kvaliteten på statistikk og vedtaksinformasjon ved å utvikle systemstøtte slik at både krav og avgjerder blir meir strukturerte, og slik at informasjon som allereie finst i systema, kan brukast på ny.

I 2022 kom finansieringa på plass. Prosjektet ESAS III, som skal gå i perioden 2022-2025, blei etablert ved årsskiftet.

Prosjektet skal i perioden 2022-2025 gjennomføre tiltak for å realisere målet om utvida bruk av strukturert informasjon (strukturerte krav og avgjerder) for følgjande spor i straffesakskjeda:

- Varetektsfengsling (inkludert fengslingsforlengingar)
- Tilståingsdom
- Meddomsrettssak
- Vegtrafikksak
- Ransakingar

Følgjande arbeidsprosessar på tvers av spora i straffesakskjeda skal digitaliserast:

- Eintydig identifisering av advokatar
- Rekvisisjon av personundersøking
- Bestilling av varetektsplass
- Utvida bruk av strukturert informasjon ved oppnemning av advokatar
- Dele informasjon om tidfesting frå domstol til politi/påtale og til kriminalomsorga
- Utveksle status på innbetaling i bøtesaker

Følgjande aktørar blir kopla på Justishub for elektronisk samhandling mellom politi/påtale, domstolane og kriminalomsorga:

- NAV
- Statens vegvesen
- Spesialeininga for politisaker
- Sekretariatet for konfliktråda
- Gjenopptakingskommisjonen

I 2022 er det arbeidd med å utvikle strukturerte krav og avgjerder i varetektsfengslingar og fengslingsforlengingar, og starta opp arbeid med tilsvarande for tilståingsdom. I tillegg er det gjort mykje førebuande arbeid for at Spesialeininga for politisaker, Sekretariatet for konfliktråda og Gjenopptakingskommisjonen kan ta i bruk Justishub for elektronisk samhandling mellom politi/påtale, domstolane og kriminalomsorga. Tiltaka som har vore, og dei som er under utvikling, blir setje i verk første kvartal 2023.

Resultat av ny domstolsstruktur

Ny domstolsstruktur trådde i kraft i 2021. Formålet var å skape sterkare fagmiljø og å nytte ressursane betre. Alle dei tidlegare rettsstadane blei oppretthaldne med full aktivitet. 60 tingrettar blei samla til 23 tingrettar, og 34 jordskifterettar blei samla til 19 jordskifterettar. Av desse blei 20 nye tingrettar og 10 jordskifterettar direkte omfatta av vedtaket gjennom utviding av



rettskretsen. Dei nye rettskretsane har frå to til fire rettsstadar. Dei har eit felles leiarteam for alle rettsstadane i staden for éin domstolsleiar på kvar rettsstad som tidlegare. I januar 2022 sende Justis- og beredskapsdepartementet eit forslag om å reversere ny domstolsstruktur ut på høyring. Høyringsvara viser at eit fleirtal av høyringsinstansane ønskjer å behalde den strukturen vi har i dag. Faginstansane sine synspunkt kan summerast opp med uttalen frå Høgsterett: «*Rettssikkerhetshensyn taler mot å gjeninnføre domstolstrukturen fra før domstolsreformen i 2021*».

Alle domstolsleiarar og eit fleirtal av domstolsmedarbeidarane ønskjer å behalde den strukturen vi har no. Fagforeiningane til dei ulike stillingskategoriene støttar ikkje full reversering. Mellom kommunane som har svart på høyringa, er det eit knapt fleirtal som ønskjer reversering. Desse kommunane representerer ein mindre del av befolkninga enn dei kommunane som ønskjer å behalde dagens struktur.

Ny domstolsstruktur har medført ei stor omstilling for domstolane. Allereie ei kartlegging i februar 2022 viste at mange

av domstolane oppnådde resultat i tråd med måla frå Stortinget om sterkare fagmiljø og betre ressursutnytting. Ei ny kartlegging i oktober 2022 viser gode effektar på begge målområda.

Nesten alle domstolane har nytta dommarar mellom rettsstadane, og alle har nytta saksbehandlarar på tvers. Dette blir opplevd positivt av medarbeidarane. Fleksibiliteten har vore positiv for brukarane. Det har mellom anna ført til kortare saksbehandlingstid, færre utsettingar og betre tilbod om rettsmekling. For medarbeidarane har det stort sett vore positivt å ta saker på dei ulike rettsstadane. Domstolane har blitt mindre sårbare, fleksibiliteten har auka, det har blitt betre og større fagmiljø, betre kompetanse i rettsmekling og auka motivasjon. Andre effektar som blir trekte fram som effekt av ny domstolsstruktur er betre ressursutnytting, auka spesialisering og raskare oppdatering på lovendringar. I tingrettane blir barnevernssaker og foreldretvistsaker i mindre grad enn tidlegare behandla av dommarfullmektigar. Fleire domstolar kan tilby rettsmekling til brukarane sine. Leiinga i dei nye domstolane er i stor grad spreidde på to eller fleire rettsstadar.

Fakta

Ny domstolsstruktur viser at mange av domstolane oppnådde resultat i tråd med måla frå Stortinget om sterkare fagmiljø og betre ressursutnytting.

Fakta

I november starta eit nyutvikla kompetanseløp for rettsmeklarar. Planen er å utdanne om lag 100 rettsmeklarar frå lagmannsrettane, tingrettane og jordskifterettane fram mot 2025.

Tiltak sterkare fagmiljø

Mange av tingrettane og jordskifterettane om egne tiltak for å styrke fagmiljøa. I mange av tingrettane er det etablert ei nestleiarrolle med eit særskilt ansvar for kompetanse for dommarar og dommarfullmektigar. I mange av tingrettane og jordskifterettane er det etablert faggrupper på tvers av rettskretsane og for ulike sakstypar, både for dommarar og saksbehandlarar. Det blir arbeidd med fagleg utvikling på ulike måtar, i strukturerte fora og møteplassar, og gjennom generelt auka erfaringsutveksling i arbeidskvardagen. Fleire domstolar arbeider med spesialisering innan ulike område, særleg innan rettsmekling.

Tiltak rettsmekling

Rundt 100 dommarar deltok på Rettsmekling som fag, ein heildagssesjon på dommarseminaret i 2022. I november starta eit nyutvikla kompetanseløp for rettsmeklarar. Planen er å utdanne om lag 100 rettsmeklarar frå lagmannsrettane, tingrettane og jordskifterettane fram mot 2025. Tiltaka er ein del av ei større satsing der målet er å auke talet på meklingar, betre kvaliteten og gi eit meir likt rettsmeklingstilbod over heile landet. Rapportering etter ny domstolsstruktur viser at fleire domstolar er i ferd med å spesialisere rettsmeklinga, og at fleire brukarar har fått tilgang til rettsmekling som konfliktløysingsmetode.

Systematisk og målretta rekruttering

Det blei i 2021 utarbeidd nye kompetanseprofilar for alle stillingskategoriane i domstolane. Kvar kompetanseprofil beskriv krav til utdanning, erfaring, kunnskapar, ferdigheiter og personlege eigenskapar. Nokre krav til ferdigheiter gjeld for alle typar stillingar. Andre er meir spesifikke for den enkelte stillinga/rolla. Kompetanseprofilane skal bidra til å sikre riktige tilsettingar, og for utvikling av kompetansen til dei som er tilsette i domstolane i dag.

I februar og mars 2022 blei det gjennomført tre digitale kompetansetreff for domstolane knytt

til kompetanseprofilane og rekruttering for framtida. Både eksterne og interne foredragshaldarar frå domstolane og Domstoladministrasjonen bidrog med rekrutteringsfagleg kunnskap, nyttige refleksjonar og praktiske tips til korleis Noregs domstolar kan arbeide målretta med rekruttering for å få tak i den rette kompetansen for framtida, og å gjere verksemda til ein endå meir attraktiv arbeidsplass i konkurransen om dei beste søkjarane.

Organisasjons- og leiarutvikling

Med ny domstolsstruktur er det arbeidd tett med domstolane for å utvikle ein god leiarstruktur som bidrar til tillit og samhandling på tvers av rettsstadane og medarbeidargruppene. Enkelte domstolar har fått særskilt støtte og bistand til å utvikle organisasjon og kultur. Domstolane har etablert leiarfunksjonar på dei ulike rettsstadane i rettskretsen. Alle leiarar med personalansvar har gjennomført eit eige program i leiarutvikling, som ein del av Kompetanseløpet for leiarar. Domstoladministrasjonen har hatt kontinuerleg dialog med leiarane gjennom faste leiarfora og dialogmøte, både digitalt og fysisk.

Introduksjonsprogram for nye leiarar

Det har vore gjennomført introduksjonsprogram for nye leiarar i 2022. Til saman har cirka 25 leiarar deltatt på ei eller fleire samlingar. Tre samlingar har vore digitale og éi har vore ei fysisk samling i lokala til Domstoladministrasjonen i Trondheim.

Program for vidareutvikling for leiarar

Cirka 160 leiarar med personalansvar har i år møttest til ei fysisk samling over to dagar om «Det nye arbeidslivet og betydninga for meg som leiar», der det blei særleg arbeidd med samhandling og leiing.

Enkelte domstolar med spesielle behov har i tillegg gjennomført egne tiltak. Eksempel på dette er bistand til utvikling av kultur i ny domstol og «samspel i domstolane», som er eit tiltak for å styrke partssamarbeidet mellom leiinga, tillitsvalde og vernetenesta i domstolane.

Kompetanseutvikling, dommarar, dommarfullmektigar og utgreiarar

Introduksjonsprogram for dommarar

Introduksjonsprogrammet går over fem modular. I 2022 har 65 dommarar i dei alminnelege domstolane og jordskifterettane gjennomført programmet.

Introduksjonsprogram for dommarfullmektigar

Programmet går over to modular. 83 dommarfullmektigar frå tingrettane og jordskifterettane har gjennomført programmet i 2022.

Dommarseminaret 2022

548 dommarar deltok på det årlege dommarseminaret, fordelt på fem fysiske seminar. Det blei halde eitt seminar i Bergen, eitt i Trondheim, eitt i Lillestrøm og to i Oslo.

Tema var:

- Post korona – kva for erfaringar har vi gjort oss og kvar går domstolane no
- Utmåling av sakskostnader
- Smarte løysingar og god praksis for saksavvikling

I tillegg var det separate økter. Tema for dommarane i dei alminnelege domstolane var endra føresegner om tilreknelegheit. For dommarane i jordskifterettane var gjennomføring av jordskiftesaker i urbane område tema.

Det var også inndelt i ulike sesjonar som dommarane kunne velje mellom. Nokre var felles for alle domstolane, andre var tilpassa til høvesvis dei alminnelege domstolane og jordskifterettane. Dommarane kunne velje mellom følgjande sesjonar: Rettsmekling (felles), aktiv saksstyring i sivile saker, EØS-rett og barnevern (alminnelege domstolar) og aktiv saksstyring i jordskifteretten.

Rettsmekling

Kompetanseløpet for rettsmeklarar er eit satsingsområde som går fram til 2025. Det første av tre kull (32 deltakarar)

starta opp i november, med deltakarar frå dei alminnelege domstolane og jordskifterettane.

Spesiell merksemd på barn sitt beste i domstolen

Domstoladministrasjonen har i fleire år arbeidd med kompetansetiltak for å sikre kvaliteten i domstolane si behandling av saker som vedkjem barn.

I 2022 blei det fortsatt arbeidd aktivt med tiltak for å følgje opp avgjerdene til Den europeiske menneskerettsdomstolen (EMD) og Høgsterett. Temaet blei behandla på Dommarseminaret i 2022. Arbeidet med å implementere ein nasjonal rettleiing for behandling av barnevernssaker i domstolane har halde fram i 2022. Rettleiinga er meint å vere eit praktisk hjelpemiddel for dommarar i tingrettane og lagmannsrettane. Den er lagt ut på intranettet til domstolane og på domstol.no, og den er innarbeidd i barnerechtsmodulen i introduksjonsprogrammet for nye dommarar.

Det er i 2022 arbeidd med å gjennomføre forslag til eige kompetanseløp for dommarar i barnesaker. Ei arbeidsgruppe som er oppretta av Domstoladministrasjonen, leverte i desember 2021 forslag om konkrete nasjonale og regionale/lokale kompetansetiltak for dommarar. Arbeidsgruppa leverte også forslag til tiltak som kan sikre tverrfaglegheit og samarbeid med aktørar på barnefeltet. Forslaget fokuserer på å byggje sterke fagmiljø på saksfeltet, og å halde fram med å utnytte dei moglegheitene som domstolsstrukturen opnar for. Som følgje av forslaget er barnemodulen på introduksjonsprogrammet for nye dommarar utvida og styrka. Straffesaksmodulen på introduksjonsprogrammet knytt til straffesaker med barn under 18 år er også styrka. Hausten 2022 er det også utarbeidd tilråding om faggrupper for barnereitt i alle tingrettane og lagmannsrettane.

Ny barnevernslov trådde i kraft 1. januar 2023. Som følgje av dette har Domstoladministrasjonen utarbeidd eit

digitalt kompetansetiltak som blei gjort tilgjengeleg for alle dommarar i desember 2022.

I løpet av 2022 bidrog

Domstoladministrasjonen praktisk og økonomisk i tverrfaglege kompetansetiltak arrangert lokalt og regionalt av domstolar eller av tverrfaglege fora. Tema har mellom anna vore «Barn som blir utsette for vald» og «Sårbare barn i skjeringspunktet mellom sivilrett og strafferett».

Arbeidsgruppa «Fagteam barn» har i 2022 halde fram med arbeidet sitt med å vere ein pådrivar i å utvikle domstolane si ivaretaking av barn i domstolane, og å bidra til dialog og samhandling med aktørar og offentlege styresmakter om saker knytt til barn.

Samarbeidet med Barne- og familiedepartementet (BFD) om kompetansetiltak knytt til barn i domstolen er vidareført i 2022.

Domstoladministrasjonen har gjennom 2022 hjelpt Bufdir med oppdrag frå BFD knytt til samværshindring/-vegring. Målsettinga med oppdraget var å identifisere utfordringar i sakene, og foreslå ein eigna modell for å behandle sakene på ein betre måte. Arbeidet er summert opp i rapporten «Utredning av saker etter barneloven der det er stans i samvær mellom barn og en forelder», som blei levert til BFD i november 2022. Oppfølging av rapporten vil halde fram i 2023.

Domstoladministrasjonen gjekk i 2021 inn som samarbeidspart i forskingsprosjektet «Children's right to participation» ved Universitetet i Bergen. Hovudmålsettinga med prosjektet er å utvikle ny kunnskap og kompetanse for å møte utfordringar knytt til barna sin medverknad i barnevernssaker.

Dommarpodden

Det blei spelt inn ni episodar av Dommarpodden i 2022. Tema har vore:

- Nye reglar for behandling av straffesaker
- Ny barnevernslov
- Barn på tiltalebenken
- Tryggare bustadhandel
- Nye reglar i avhendingslova

- Endringar i straffeprosesslova (tre delar)
- Storkravsprosess
- Magnus Matningsdal (erfaringar og kunnskap etter 34 år som dommar)
- Mildare reaksjonar for rusavhengige i saker som har å gjere med narkotika til eigen bruk
- Oppløsing av politiforklaringar

Utvikling av konsept som kan brukast lokalt i domstolane

Det er utvikla eit nettseminar med tema «Endringar i straffeprosesslova», med film og refleksjonsoppgåver som er tilpassa til tingrettane og lagmannsrettane. Nettseminaret kan gjennomførast i den enkelte domstolen når det passer.

Det er også utvikla ei workshop med tema «Ivaretaking av meddommarar og medarbeidarar i særleg belastande saker». Workshopen har som mål at medarbeidarar skal bli kjende med ny rettleiing og policy, og å setje i gang arbeidet med å utvikle rutine for ivaretaking og debriefing i eigen domstol. Tiltaket kan gjennomførast i den enkelte domstolen når det passer.

Hausten 2021 blei det utvikla eit digitalt kompetansetiltak knytt til den nye barnevernslova som trådde i kraft 1. januar 2023. Det er tilrådd at det blir lagt til rette for fellesvising i rettskretsane, som grunnlag for felles diskusjon og refleksjon om kva endringane vil innebere i praksis.

Seminar for utgreiarar

I desember gjennomførte Domstoladministrasjonen eit fellesseminar for utgreiarane i Høgsterett, Gulating lagmannsrett og Borgarting lagmannsrett, Oslo tingrett og jordskifterettane. 51 utgreiarar deltok totalt. Formålet med seminaret er å auke kunnskapen knytt til utgreiarrolla, oppgåvene og praksis.

Studiepermisjon for dommarar

Studiepermisjonsordninga inneber at dommarar i tingrettane, lagmannsrettane og jordskifterettane kan få ein månad studiepermisjon kvart fjerde år. Dette blir organisert av den enkelte domstolen. Det blir stilt krav til fagleg innhald og rapportering.

I 2022 var det til saman åtte dommarar som fekk støtte til meirutgifter. 16 dommarar fekk etter søknad auka studiepermisjonen med éin ekstra månad.

Kompetansetiltak for saksbehandlarar og tekniske utgreiarar

Dei ulike faglege kompetansetiltaka for saksbehandlarar og tekniske utgreiarar hadde totalt 864 påmelde i 2022.

Modulbaserte program for saksbehandlarar

Det har vore gjennomført fleire kompetansetiltak for saksbehandlarar i dei alminnelege domstolane. Dei har mellom anna hatt desse tema:

- modulbasert program i konkurs
- straff/straffeprosess
- arv og skifte for vidarekomne
- offentlegheit i praksis
- djupdykk i tvistesaker

Kompetansetreff om Lovisa, rettsmekling og arkivering

For jordskiftedomstolane blei det arrangert fleire tiltak for tekniske utgreiarar og saksbehandlarar. Det blei mellom anna arrangert kompetansetreff med tema Lovisa, rettsmekling og arkivering på agendaen. Det har også vore gjennomført fysiske nasjonale samlingar for både tekniske utgreiarar og saksbehandlarar. På agendaen for dei tekniske utgreiarane stod mellom anna rettsmekling og tekniske oppdateringar. For saksbehandlarane stod mellom anna aktiv saksstyring, nye digitale verktøy og betra innsikt i sakstypen skjønnpå programmet.

Stipend, fagdagar og fagtreff

I tillegg til tiltaka som er nemnde ovanfor, har det vore mogleg for administrativt tilsette i dei alminnelege domstolane og jordskifterettane å søkje om stipend for gjennomføring av individuelle kompetansetiltak. I tillegg arrangerer domstolane eigne tiltak og aktivitetar for å auke kompetansen hos medarbeidarane. Dette er aktivitetar som fagdagar, faglege treff og seminar saman med andre aktørar.

Webex

Webex blei i starten av 2022 innført som ny applikasjon for videomøte, chat

og telefoni i domstolane og DA. Det blei gjennomført mange informasjons- og kompetansetiltak i samband med innføringa. Alle medarbeidarar fekk tilbod om å delta i opplæring via webinar. I tillegg blei det oppretta informasjonssider på intranettet og brukarretteiingar i brukarportalen til domstolane.

Kompetanseutvikling i Domstoladministrasjonen

I løpet av 2022 har 46 nye medarbeidarar i Domstoladministrasjonen deltatt i introduksjonsprogram for nye medarbeidarar.

Som ein del av kompetanseløpet for medarbeidarane i Domstoladministrasjonen er det gjennomført ein såkalla DA-dag. Dette er eit tiltak på tvers av avdelingane for å byggje felles kultur og kompetanse. DA-dagen blei slått saman med eit fagleg jubileumsarrangement for Domstoladministrasjonen som i 2022 vart 20 år. Domstoladministrasjonens medarbeidarar har i tillegg høve til å delta på kompetansetreffa som blir arrangerte for domstolane.

Domstolanes rekneskap- og lønnsseksjon (DRL)

Den planlagde overføringa av økonomioppgåver frå domstolane til Domstolane sin rekneskaps- og lønnsseksjon (DRL) blei sluttført i 2022. Økonomioppgåvene frå jordskifterettane blei overførte 2. mai, og saksførebuande arbeid av salæroppgåver for Oslo tingrett 1. september. I tillegg blei økonomioppgåver i tvangssaker overførte til DRL frå Brønnøysundregisteret (BR) med verknad frå 1. januar.

I perioden 2020 til 2022 blei kapasiteten til DRL auka i takt med overføringa av oppgåvene frå domstolane. Overfor domstolane og eksterne aktørar har det vore viktig å sikre stabil drift og ei saumlaus omstilling med DRL, slik at økonomioppgåvene blir utførte som før til rett tid og med lik (eller betre) kvalitet. Eitt av måla har vore standardisering og likebehandling. Dette har blitt gjennomført i kontinuerleg dialog med domstolane og eksterne aktørar. Samtidig har DRL internt brukt tid på arbeidet med rekruttering, kompetansebygging, intern

organisering og arbeidsmiljø, rutinar og optimalisering av prosess, digitalisering mm. Overførings- og oppbyggingsperioden har vore prega av koronasituasjonen, mellom anna med utfordringar med rekruttering.

DRL er organisert i tre faggrupper; lønn, økonomistyring og salær. Ved utgangen av 2022 er det om lag 50 årsverk i DRL som utfører økonomioppgåvene for domstolane.

Brukarundersøkingar

Brukardialog

Brukarbehov er ein av fleire drivarar for utvikling. Domstoladministrasjonen skal leggje til rette for brukarorientering og utvikling i domstolane, under dette bidra til å utvikle hensiktsmessig dialog med aktørar og brukarar av domstolane.

Domstoladministrasjonen arbeider med strategisk tilnærming til fagområdet systematisk brukardialog, mellom anna å utvikle ein plan for systematisk brukardialog. Det er oppretta eit fagteam som skal bidra til at domstolane og Domstoladministrasjonen får auka kunnskap om brukarane sine behov og synspunkt ved systematisk innsamling av faktabasert kunnskap, som også kan omfatte kvalitet. Teamet har gjennomført møte med fagpersonar frå Statistisk sentralbyrå (SSB), Sentio Research Norge AS, Ideas2evidence (i2e) og Studio Apertura/NTNU Samfunnsforskning. Prosessen går vidare i 2023.

Rettspolitisk arbeid

Domstolskommisjonen har kartlagt utviklinga i tilkjente sakskostnader. Konklusjonen viser at sakskostnadene har auka betydeleg i perioden frå 2008 til 2018. Kartlegginga viser også at den reelle veksten i sakskostnader generelt sett har vore høgare enn den reelle veksten i verdiane som det blir tvista om. Samtidig har det vore ein stor nedgang i talet på sivile saker til domstolane. For å få kartlagt nærare kva som kan vere årsaka til denne utviklinga og diskutere eventuelle tiltak som må setjast i verk, arrangerte Domstoladministrasjonen saman med Justis- og beredskapsdepartementet

arbeidsmøte i Tromsø, Bergen og Oslo. Representantar frå domstolane, advokatar og academia (dei juridiske fakulteta ved UiT Norges arktiske universitet, Universitetet i Oslo og Universitetet i Bergen) blei inviterte til møta.

Domstoladministrasjonen og Justis- og beredskapsdepartementet vil saman sjå på korleis innspela frå arbeidsmøta skal følgjast opp vidare.

Ei arbeidsgruppe leia av dåverande lagmann Hans Petter Jahre leverte i april 2022 ein ny rapport om «Bedre og mer effektiv straffesaksbehandling i domstolene». Arbeidsgruppa besto av representantar frå tingrettane, lagmannsrettane, Den høgare påtalemakta, privatpraktiserande advokatar, Politidirektoratet, Politijuristane og Domstoladministrasjonen. Gruppa ajourførte og supplerte felles retningslinjer frå ein tidlegare rapport om behandlinga av meddomsrettssaker i tingretten og bevisankar i lagmannsretten. Samhandlinga mellom påtalemakta og forsvararane under saksførebuinga blei også tatt inn i rapporten.

Regelverksutvikling

Domstoladministrasjonen har i løpet av året fastsett nye reglar om bruk av rettskappe (forskrift av 23. juni 1995 nr. 577 reglar om bruk av rettskapper m.m. ved domstolen). Paragraf 5 om vigsler blei oppheva sidan domstolane ikkje lenger gjennomfører vigsler. Det er sett i gang arbeid med å utarbeide ei forskrift som er tilpassa digitalt oppgjør etter dødsfall. Domstoladministrasjonen deltar i dette arbeidet. Arbeidet held fram i 2023.

Særskilt om jordskifterettane

Domstoladministrasjonen har i samarbeid med jordskifterettane utarbeidd ein strategi for bruk av dronar i jordskiftesaker. Strategien inneheld omtale av aktuelle bruksområde for dronar i saksbehandlinga, reglar for operativ bruk, organisering, investeringar og tiltak. Strategien blei vedtatt av styret i oktober. Det er eit mål å ta i bruk dronar i saker for jordskifterettane i 2023.

Fem domstolar har deltatt i ein pilot der synfaringsdronar er prøvd ut i



saksarbeidet. Erfaringane frå piloten viser at bruk av synfaringsdronar og videoopptak vil kunne erstatte behovet for fysisk synfaring, og spare retten for store sakskostnader i enkeltsaker.

Domstoladministrasjonen vil etablere eit eige kompetanseløp for utdanning av dronepilotar, og sørge for at teknologien kan tas i bruk av alle jordskifterettane. Det kan også på sikt vere aktuelt å nytte dronekompetansen og tekniske ressursar i jordskifterettane i saker for dei alminnelege domstolane.

Forenkla saksbehandlingsreglar i jordskiftelova

Ny jordskiftelov trådte i kraft 1. januar 2016. Det har komme innspel om at delar av saksbehandlingsreglane er for omstendelege og tidkrevjande i forhold til omfanget av sakene. Domstoladministrasjonen har derfor sett ned ei eiga arbeidsgruppe som har fått i oppgåve å identifisere kva for reglar som genererer mest tidsbruk og arbeid. Gruppen skal også leggje fram forslag til nye saksbehandlingsreglar som kan redusere tidsbruken utan at dette går ut over kvalitet og tilgjenge for sjølvprosederande partar. I mandatet til arbeidsgruppa går det fram at ein også skal foreslå ei ordning

med rettsmekling i jordskiftesaker. Arbeidsgruppa vil levere rapporten sin i januar 2023.

Internasjonalt arbeid

Styret for Domstoladministrasjonen vedtok i juni 2021 «Mål og handlingsplan for internasjonalt arbeid i Domstoladministrasjonen for 2021-2025». Den beskriv tre hovudmål for det internasjonale arbeidet til Domstoladministrasjonen:

- Domstoladministrasjonen skal gjennom deltaking i europeisk domstolssamarbeid hente inn og medverke til god praksis for uavhengige domstolar, prega av rettstryggleik og høg tillit.
- Domstoladministrasjonen skal ved ekstern finansiering bidra til rettsoppbyggjande arbeid i andre land som ein del av norsk utanrikspolitik. Arbeidet skal bidra til uavhengige domstolar som fungerer godt, og rettstryggleik for innbyggjarane i dei landa vi samarbeider med.
- Den internasjonale verksemda til Domstoladministrasjonen skal bidra med internasjonale erfaringar inn i arbeidet med strategisk plan.

Fakta

I 2022 har Domstoladministrasjonen i samarbeid med jordskifterettane utarbeidd ein strategi for bruk av dronar i jordskiftesaker.

Internasjonalt samarbeid

Domstoladministrasjonen er aktiv i EU-nettverket European Network of Councils for the Judiciary (ENCJ), og deltar kvart år i arbeidsgrupper som er knytt til nettverket. DA har mellom anna deltatt i prosjektet «Independence, accountability and quality of the judiciary» i fleire år. Prosjektet har utarbeidd ei referansemåling om korleis domstolane i ulike land er uavhengige og ansvarlige. I 2022 blei det mellom anna gjennomført ei undersøking om det opplevde sjølvstendet til dommarane – i Noreg og andre land i nettverket. Domstoladministrasjonen deltar også i EU-nettverket European Judicial Training Network (EJTN).

Domstoladministrasjonen er norsk medlem i den europeiske kommisjonen for effektivitet i Europarådet. CEPEJ publiserer annakvart år ein svært omfattande evalueringsrapport om europeiske rettssystem. Den siste kom i oktober 2022. I CEPEJ deltar Domstoladministrasjonen også i eit initiativ om god praksis og erfaringsdeling innanfor digitalisering.

Europarådet sitt HELP-program

Noregs domstolar deltar i Europarådet sitt HELP-program, der kompetansarbeidet hovudsakleg er retta mot den europeiske menneskerettskonvensjonen.

Samarbeid mellom dei nordiske landa

Det er eit breitt samarbeid på domstolsområdet mellom dei nordiske landa. Mellom anna møtest til vanleg dei nordiske administrasjonane for domstolane årleg, og nordiske dommarar gjennom SEND-seminara.

Polen

Domstoladministrasjonen gjekk i 2020 ut av EØS-samarbeidet med det polske justisdepartementet. Det har vore ønskeleg å oppretthalde kontakt med polske domstolar. I november 2022 gjennomførte Universitetet i Oslo i samarbeid med norske domstolar eit dialogmøte mellom polske og norske dommarar om sjølvstende for domstolane.

Rettsoppbyggjande arbeid

Det rettsoppbyggjande arbeidet er konsentrert om EØS-midla og domstolane på Vest-Balkan. Deltaking i prosjekt som er knytt til rettsoppbyggjande arbeid skal finansierast utanfor domstolane sitt ordinære budsjett.

EØS-midla

Noreg har sidan EØS-avtalen blei inngått, medverka til sosial og økonomisk utjamning i EU gjennom EØS-midla. Dette er fleirårige program med budsjetttramme som for tida er på ca. 2,8 milliardar euro.

Justissektoren er eit prioritert område for EØS-midla. I denne programperioden er Domstoladministrasjonen programpartner saman med Justis- og beredskapsdepartementet, Politidirektoratet og Kriminalomsorgsdirektoratet i justisprogramma i Bulgaria, Litauen og Romania, og som partner aleine i Kroatia.

Sentrale oppgaver i 2022 har vore å samarbeide med mottakarlanda i vidareutvikling av innhaldet i programma, og å medverke til gjennomføring av prosjekt knytt til desse. Avtalene mellom Noreg og mottakarlanda har gjennomgåande merksemd på styrking av europeisk domstolskultur, mellom anna med forbetra implementering av den Europeiske Menneskerettskonvensjonen (EMK) og EU-lovgiving.

Aktivitetar saman med mottakarland i EØS-programma i 2022

Domstoladministrasjonen arrangerte i 2022 fleire multilaterale aktivitetar saman med mottakarland i EØS-programma. Mange norske dommarar, andre domstolstilsette og fleire eksterne medverkar i arbeidet:

- EØS-webinaret «Working with Judges to prevent and combat domestic and gender-based violence»: DA, i samarbeid med Likestillings – og diskrimineringsombodet (LDO) og Centre of Judicial Studies (CEJ)
- Studiebesøk til Litauen for å lære om opptak i retten: For å lære meir

om rettsopptak blei det i april 2022 organisert eit studiebesøk til Litauen for å hauste erfaringar frå dei, og erfaringar frå Sverige.

- Studiebesøk frå ein delegasjon frå Slovakia, samansett av dommarar og representantar for påtalemakta som driv med tilrettelagte barneavhøyr, og representantar frå justisdepartementet i Slovakia. 18 deltakarar var i Trondheim for å lære meir om den norske tverrfaglege Barnehusmodellen, og for å utveksle erfaringar med norske ekspertar om tilrettelagte avhøyr, vern av særleg sårbare personar, og domstolsprosess tilpassa barn.
- Studiebesøk frå Kroatia, med deltakarar frå Ministry of Justice and Public Administration og dommarar. Temaet for besøket var rettsmekling og alternative tvisteløysingar. Kroatia ønskjer auka bruk av rettsmekling for å auke effektiviteten i rettsystemet sitt. Formålet var derfor å lære meir om norske erfaringar og beste praksis innan rettsmekling. I det same prosjektet blei det i september 2022 gjennomført eit studiebesøk til Nederland, og i desember til Irland, for å lære av deira erfaringar med rettsmekling. Dei norske ekspertane deltar også på studiebesøka.
- Studiebesøk om utnemningar/ evaluering: Dommarar og representantar frå Supreme Judicial Council i Bulgaria kom med 15 dommarar og påtalejuristar til Trondheim. Formålet var å lære meir om utnemning av dommarar og dommarevaluering.
- I juni besøkte ein ny bulgarsk delegasjon Oslo. Formålet var mellom anna å lære meir om utvikling av eit nasjonalt tolkeregister, bruk av tolk i norske domstolar og korleis gjenopprettande prosessar (restorative justice) blir nytta i det norske rettssystemet.
- I oktober kom ein tredje delegasjon frå Bulgaria på studiebesøk til Oslo. Advokatar, dommarar, politifolk og rettshjelpspersonell lærte om

norske modellar for rettshjelp, og om korleis rettshjelpssystemet fungerer i Noreg. Utfordringane med å utvikle best mogleg rettshjelp gjeld i alle land, og delegasjonen fekk innblikk i betydninga av frivilligheit og korleis ein arbeider med dette i Noreg.

- I november blei det arrangert eit siste studiebesøk frå ein bulgarsk delegasjon i år. Representantar frå det bulgarske justisdepartementet og fleire dommarar frå Supreme Court of Cassation og påtalemakta besøkte Oslo. Her fekk dei lære meir om kva for tiltak Noreg har i høve til opplæring og kompetanse om den europeiske menneskerettskonvensjonen for dommarar og påtalejuristar.
- Webinar om kunstig intelligens og digitalisering. Domstoladministrasjonen har i samarbeid med Universitetet i Oslo og programpartnarar i Kroatia og Litauen arrangert eit multilateralt webinar om bruken av kunstig intelligens og digitalisering i domstolane. Webinaret blei initiert av partnerane våre i Kroatia.
- Webinar om anti-korrupsjon. Saman med programpartnarar i Litauen og Kroatia arrangerte Domstoladministrasjonen eit webinar om anti-korrupsjon i domstolane. Webinaret blei initiert av partnerane våre i Litauen.

Domstolane og Domstoladministrasjonen har medverka i mange prosjektaktivitetar. Mange dommarar, saksbehandlarar, DA-medarbeidarar og universitetstilsette har medverka med å forelese og skrive rapportar om god praksis knytt til EØS-prosjekta. Arbeidet held fram i implementeringsperioden som går fram til april 2024.

Mellom prosjekt med norske bidrag er tema som meking, digitale tenester, dommarevaluering, moderne læringsmiljø for dommarar, betre rettshjelp for sårbare grupper, betra kvalitet på rettsmøte, domstolsleing, vitnestøtte og barneavhøyr.

Vest-Balkan

Domstolane i Noreg har i lang tid hjulpet regionen Vest-Balkan med rettsoppbyggjande arbeid.

Ein avtale med Utanriksdepartementet om regional bistand til domstolsreform på Vest-Balkan, med formål om å auke effektiviteten og kvaliteten i domstolane, blei slutført i mai. Hovuddelane av denne bistanden har vore rådgiving til domstolar, domstolsråd og ambassarar i seks land i regionen og å arrangere seminar og studiebesøk for å dele god praksis.

Domstoladministrasjonen inngikk i mai ein ny og utvida avtale med Utanriksdepartementet for å kunne hjelpe landa på Vest-Balkan med støtte til vidare domstolsreformer. Avtalen inneheld dels regionale aktivitetar i

Domstoladministrasjonen sin regi og dels underliggjande prosjekt i nokre land. Domstoladministrasjonen vil gjennom avtalen vere ansvarleg både for resultat, økonomi og gjennomføring overfor UD, samtidig som Domstoladministrasjonen avtaler tilsvarande forplikningar med relevant aktør i respektive mottakarland.

Openheit og tillit

Domstol.no

Domstol.no er den viktigaste eksterne kommunikasjonskanalen til domstolane. Målgruppene for nettstaden domstol.no er domstolane sine brukarar og faste aktørar i tillegg til skuleelevar, studentar og det rettsøkjande publikumet. I april 2022 blei nettstaden lansert i ny drakt, både når det gjeld design, navigasjon og innhald.

Fakta

Domstoladministrasjonen inngikk i mai ein ny avtale med Utanriksdepartementet om bistand til å styrke domstolane sitt sjølvstende og effektivitet på Vest-Balkan.



Fakta

26 prosent av domstol.no var på nynorsk i 2022.

Dette var dei viktigaste endringane:

- Nytt design i tråd med felles designmanual for domstolane. Dette er eit ledd i målsettinga om at alle dei digitale flatene våre skal ha eit intuitivt og gjenkjenneleg uttrykk for brukarane.
- Språkleg følgjer nettsidene ny språklov. Dei har derfor ikkje lenger parallelle versjonar av den same informasjonen på bokmål og nynorsk. Alle nettsidene er berre på ei av målformene. Grunngivinga for dette er at alle innbyggjarane skal møte begge skriftspråka, og statlege og fylkeskommunale nettsider skal ikkje gi mulegheit til å velje bort det eine eller det andre skriftspråket.
- Domstol.no er no startside også for brukarane av jordskifteretten, og dermed er nettsida jordskifte.no avvikla. Dette grepet sikrar at brukarane kjem til rett instans utan å måtte vite på førehand kvar dei skal vende seg. I tillegg kan felles informasjon om mellom anna meddommarordning og refusjonar samlast på ein stad. Sider med eige design for meddommarar, strategisk plan og digitale domstolar blei også avvikla.
- Kvar domstol har eigne nettsider som før. Men navigasjonen er endra slik at hovudmenyen med felles informasjon om domstolane er tilgjengeleg også frå desse sidene. I den gamle versjonen måtte brukarane finne informasjon både på lokale nettstadar og ein hovudnettstad. Dette gir også betre oversikt internt, og minskar oppfølgingsarbeidet for nettstadane i domstolane og DA.
- Finnmarkskommisjonen og Utmarkdomstolen for Finnmark er ein del av nye domstol.no. Høgsterett, Innstillingsrådet for dommarar og Tilsynsutvalet for dommarar har framleis eigne nettsider med eige design.
- Alt innhald blei endra i tråd med generelle råd om klarspråk. Nettstaden har også funksjonalitet for å vise ordforklaringsar som støtte for juridiske omgrep.

Statistikk

Vi har ikkje statistikk for bruk av nettsidene i 2022. Byte av leverandør for statistikkverktøy medførte at vi ikkje kunne hente ut statistikk i store delar av året.

Universell utforming

På slutten av 2022 starta Domstoladministrasjonen arbeidet med å lage ei erklæring om tilgjengelegheit for heile domstol.no. Den tekniske og den redaksjonelle løysinga skal gjennomgåast. Erklæringa skal vere på plass 1. februar 2023.

Pressetenesta

Pressa har tilgang til ei presseteneste der det blir lagt ut ein versjon av listene for tidfesting av rettsmøte. Denne gir meir utfyllande informasjon enn det publikum får tilgang til. I pressetenesta ligg også tiltaler og dommar. Det vil variere frå domstol til domstol kor mykje dei publiserer, og kor ofte dei publiserer denne informasjonen.

Domstolane si presseteneste på nett er mykje brukt, men den har eit forbettringspotensial. Domstoladministrasjonen har kartlagt kva for utviklingstiltak som pressa og domstolane ønskjer.

Mediekontakt

Verksemda til domstolane er ein sentral del av norsk samfunnsliv og har derfor stor offentleg interesse. Dei fleste førespurnadene frå media kjem til den enkelte domstolen og dreiar seg om konkrete rettssaker og rettsavgjerder.

Domstoladministrasjonen handterer årleg cirka 400 førespurnader frå media om eiga verksemd, administrative spørsmål og statistikk frå domstolane. Stadig oftare blir det bedt om oversikt over rettssaker om eit bestemt tema. Saksbehandlingssystemet til domstolane er ikkje eit statistikkverktøy. Derfor er det avgrensa kor detaljerte og komplette sakslistene blir. Etter å ha fått lista, kan media krevje innsyn i avgjerdene hos domstolane.

Domstoladministrasjonen følgjer staten sin kommunikasjonspolitikk og praktiserer

Fakta

Intranett skal vere den viktigaste kanalen for interninformasjon og nyheiter.

derfor meiroffentlegheit. Dette betyr i praksis at det alltid skal vurderer om eit dokument skal gjerast kjent heilt eller delvis, sjølv om det etter føresegner i lova kan gjerast unntak frå offentlegheit, og at det «bør gi innsyn dersom omsynet til offentleg innsyn veg tyngre enn behovet for unntak» (offentleglova §11).

Samfunnskontakt

Domstoladministrasjonen er, som den enkelte domstolen, uavhengig av politiske styresmakter. Samtidig er vi avhengige av eit godt samarbeid med den lovgivande (Stortinget) og den utøvande (regjeringa) makta. Dei vedtar lover og reglar, budsjetta til domstolane og organiseringa av domstolane. Domstoladministrasjonen har derfor faste, formelle møte med politisk leiing i Justis- og beredskapsdepartementet to gonger per år, og eitt møte med Justiskomiteen i Stortinget. I tillegg blir det gjennomført møte med det politiske miljøet ved behov. Det er også faste møte mellom Domstoladministrasjonen og den administrative leiinga i Justis- og beredskapsdepartementet.

Justis- og beredskapsdepartementet har i all hovudsak ansvar for domstolane i regjeringa. Landbruks- og matdepartementet har ansvar for jordskifterettane. Hausten 2022 var det for første gong eit felles møte mellom justis- og beredskapsministeren, landbruksministeren og Domstoladministrasjonen om jordskifterettane. Domstoladministrasjonen ønskjer at dette skal bli eit årleg møte, for å sikra god samhandling mellom departementa og Domstoladministrasjonen.

Domstoladministrasjonen er opptatt av at det politiske miljøet skal kjenne godt til verksemda og utfordringa til domstolane. Vi oppfordrar derfor alle politikarar og parti til å besøke domstolane. Vi har i 2022 hjulpet til med å organisere slike besøk.

Sosiale media

I 2022 var Domstoladministrasjonen lite aktiv på sosiale media. Årsaka til dette var at vi ville avklare om desse kanalane framleis burde brukast i lys av debatten om utfordringane det gir for personvernet. Konklusjonen blei at vi held fram med å

vere til stades på sosiale media, og at vi vil auke denne aktiviteten i 2023.

Facebook er ein kanal med potensial til å nå store delar av befolkninga med informasjon om verksemda og funksjonen til domstolane. Talet på følgjarar er 5039. Domstoladministrasjonen har også ei meddommarside på Facebook med 3197 følgjarar.

Domstoladministrasjonen bruker også Twitter for å dele nyheiter og lenker. Her er det 5552 følgjarar. Kontoen for meddommarar på Twitter har 968 følgjarar.

LinkedIn blir brukt for å vise ledige stillingar i Noregs domstolar i tillegg til nokre nyheitssaker. Talet på følgjarar her er 3365.

Intranett

I 2022 hadde intranettet til domstolane nærare 1,4 millionar besøk, og kvar brukar besøkte sidene i gjennomsnitt 437 gonger. Lokalt og sentralt blei det publisert 400 nyheiter. Dette var ein nedgang på om lag 250 nyheiter frå året før, som var ein venta nedgang etter samanslåinga av domstolane i 2021. Lesartala er omtrent som tidlegare, med tett på 318 000 sidevisingar.

Fleire av dei mest lesne nyheitene dreia seg om tilsettingsstopp i domstolane og Domstoladministrasjonen, og om ein stram og krevjande budsjettssituasjon.

Samhandling i grupper

Dei mest nytta gruppene har vore «Internettredaktørar for DA og domstolane», «Aktørportalen for meddommarar» og «NTL Domstolane». Til saman har gruppene hatt 23500 besøk.

«Intranett skal også bidra til auka kunnskap ved at vi kan dele og samarbeide på tvers av domstolar».

Sentralt fagstoff

Våren 2022 fekk ei tverrfagleg arbeidsgruppe samansett av dommarar og representantar frå Domstoladministrasjonen i oppdrag å vurdere og ev. foreslå endringar av det faglege innhaldet på intranett.

Oppdraget deira har vore å vurdere ein overordna struktur for fagstoffet på domstolane sitt sentrale intranett, og å foreslå løysingar som kan sikre god kvalitet, forenkle og gi betre tilgang for brukarane.

«Intranett skal støtte fagleg samarbeid og styrke sosialt samhald»

Av fagstoff har dei mest besøkte sidene vore samlingsida «Kompetanseportalen» og wikien «Erfaringsbanken».

Nynorsk i domstolane sine malar

Ei arbeidsgruppe utarbeidde i 2019 skrivereglar for bruk av nynorsk. Dei blei vedtatt i 2020. Skrivereglane er nyttige, både i arbeidet med å lage nye malar for saksbehandlingsverktøyet Lovisa, og i omsettingsarbeid frå bokmål.

Skrivereglane ligg på domstolane sitt intranett. Målet med arbeidet var å etablere ein god kultur for å bruke nynorsk som rettspråk og arbeidsspråk, og å komme fram til val av nynorskord i Lovisamalane. Dei som får brev og rettleiingar på nynorsk, skal òg forstå rettane og pliktene sine, og dei skal oppleve at språket er forståeleg og klart.

Meddommarar

Domstoladministrasjonen har ansvar for å nemne opp arbeidslivskunnige meddommarar etter forslag frå organisasjonane i arbeidslivet. Arbeidet med å forbetre domstolane si oversikt over arbeidslivskunnige meddommarar har halde fram i 2022. Løysinga for generering av lister over arbeidslivskunnige meddommarar er oppdatert.

Domstoladministrasjonen har også kartlagt prosessen for val av arbeidslivskunnige meddommarar. Kartlegginga skal mellom anna bidra til å forbetre informasjonsflyten mellom Domstoladministrasjonen, arbeidslivsorganisasjonane og arbeidslivskunnige meddommarar i samband med neste val i 2024.

Etter innspel frå domstolane vurderer Domstoladministrasjonen om det

er behov for å slå saman utvala av jordskiftemeddommarar og skjønnsmedlemmer til eit felles utval. Forslaget skal følgjast opp overfor Justis- og beredskapsdepartementet.

Meddommerteamet i Domstoladministrasjonen har saman med tilsette i domstolane sett merksemd på psykososialt arbeidsmiljø i domstolane. Hovudarbeidsmiljøutvalet (HAMU) vedtok i 2022 ein ny policy for varetaking i særleg belastande saker. Policyen gjeld både for meddommarar og medarbeidarar i domstolane. I den samanhengen er det utarbeidd ein rettleiing og kompetansmaterieill for domstolane. Det er også oppretta ei eiga side på intranett med informasjon, og det blir arbeidd med å utvikle eit webinar for leiarar i domstolane i 2023.

Da domstol.no blei lansert i ny drakt i april, var det arbeidd mykje med sida for meddommarar på førehand. Det har også vore arbeidd med ein revisjon av informasjonen til meddommarar som ligg som malar i Lovisa.

Vitnestøtte

Ei vitnestøtte er ein frivillig person som tilbyr medmenneskeleg støtte og praktisk informasjon til vitne som møter i domstolen. **Du kan lese meir om vitnestøtte her.**

Domstoladministrasjonen inngikk i 2022 ei ny tre-årig avtale om vitnestøtte i domstolane med den norske Raudekrossen. Avtalen blei signert i august 2022, og den varer til sommaren 2025 med opsjon på ytterlegare tre år.

Alle tingrettane tilbyr vitnestøtte, men ikkje ved alle rettsstadane. Alle lagmannsrettane har vitnestøtteordning. Mange domstolar tilbyr også vitnestøtte i sivile saker. Dette gjeld først og fremst i saker etter barnevernslova og barnelova.

«Et trygt vitne er et godt vitne» er slagordet for vitnestøtte. Tanken bak er at eit vitne som har fått god informasjon om kva som vil skje i retten og har hatt nokon å snakke med, kan konsentrere seg betre om forklaringa si. Trygge vitne som gir ei



god forklaring, gir retten eit betre grunnlag for den avgjerda dei skal fatte.

På grunn av koronapandemien var det mindre aktivitet blant vitnestøttene enn normalt i første halvåret av 2022. På grunn av smitteverntiltak var det færre personar som møtte i lokala til domstolane, og det har vore auka bruk av fjernavhøyr av vitne.

Hordaland tingrett og Gulating lagmannsrett har sidan 2021 hatt eit prøveprosjekt med «digital vitnestøtte Hordaland». Prøveprosjektet inneber at vitne kan bestille privat samtale med vitnestøtta i eit sikkert, digitalt møterom.

Tilbodet rettar seg til vitne som ikkje møter fysisk i domstolen sine lokale, eller som ikkje ønskjer fysisk vitnestøtte. I løpet av 2022 har prosjektet blitt utvida til fleire domstolar, og prosjektet blir vidareført i 2023.

IV. Styring og kontroll av verksemda

Styret sitt arbeid

I 2022 vart det avhalde seks ordinære og tre ekstraordinære styremøte. Dei ekstraordinære styremøta knytta seg til budsjettsituasjonen for 2023, høyring om domstolsstruktur og tilsetjing av ny avdelingsdirektør for HR og kommunikasjon. To møte vart haldne digitalt.

Gjennom året har økonomi stått sentralt i arbeidet til styret. Domstolane har lenge vore avhengige av å bli tildele prosjektmidlar for å løysa dei alminnelege oppgåvene sine. Etter oppfatninga til både styret og administrasjonen bør grunnfinansiering av domstolane styrkjast i staden, med moglegheit for å kunne planlegga over tid. I tråd med Domstolkommisjonens andre delrapport har styret derfor arbeidd for ein meir formalisert kontakt med Stortinget, og i 2022 vart det semje mellom Noregs domstolar og Justiskomiteen om årlege møte i samband med budsjettprosessen i Stortinget om hausten. I tråd med etablert praksis blir det halde møte på same tid med Justis- og beredskapsministeren, der budsjettet blir drøfta. Slike faste møtepunkt med dei andre statsmaktene er viktig for å synleggjera behova til domstolane som den tredje statsmakta.

Rekrutteringsutfordringane til jordskifteretten har stor merksemd i styret, og det har i samband med dette vore halde eit felles møte med Justis- og beredskapsministeren og Landbruks- og matministeren. Det er lagt opp til at det framover skal gjennomførast eit fast årleg møte mellom Noregs domstolar og dei to fagstatsrådene.

Styret har vidare arbeidd med ulike byggjeprojekt, både på mindre rettsstadar og i Bergen og Vestfold. Det har også vore arbeidd med rutinar og oppfølging innan arkiv, personvern, IKT-tryggleik og liknande etterlevingsforhold («compliance»). Også berekraft er sett på dagsordenen. Det same gjeld arbeidsforholda i retten.

For å sikra at styret har tilstrekkeleg kunnskap både om Domstoladministrasjonen og om domstolane, er tre av styremøta haldne i Trondheim, medan resten av styremøta er haldne rundt om i landet. Eitt møte vart halde i Oslo tingrett, eit anna hos Sogn og Fjordane tingrett og Sogn og Fjordane jordskifterett. Eitt styremøte vart gjennomført over to dagar i Alta, Vadsø og Tana hos høvesvis Vestre Finnmark tingrett, Indre og Østre Finnmark tingrett, Finnmark jordskifterett og Finnmarkskommisjonen. Styret har også besøkt Frostating lagmannsrett, Trøndelag tingrett og Trøndelag jordskifterett.

Gjennom året har styret hatt fleire møte med Justiskomiteen, Den norske Dommarforeininga, Riksrevisjonen og Innstillingsrådet. Det har også vore møte med hovudtillitsvalde i Parat/NTL, NITO/ Tekna, Dommarfullmektigforeininga (DFF) og Hovudverneombodet. Mange av møta er haldne digitalt.

Styreleiaren og nestleiaren har delteke i fleire møte med Justis- og beredskapsministeren i 2022.

[Les saksframlegg og styreprotokollar frå styremøta her.](#)

Internkontroll og risikovurderingar

I 2022 er det arbeidd med ei metodisk tilnærming til risikostyring for driftssida i Domstoladministrasjonen. Verktøyet for vurdering av risiko som blir nytta, er utvikla av KPMG og distribuert via DFØ. Domstoladministrasjonen har i 2022 i samarbeid med Deloitte AS starta ei vurdering av behovet for støtteverktøy for verksemda i Domstoladministrasjonen. Behovet for eit særskilt verktøy for vurdering av risiko vil bli behandla i denne samanhengen.

Kjernen for risikostyringa i verksemda har vore risiko og sårbarheit sett ut frå retningslinene som Domstoladministrasjonen har fått gjennom regjeringa sitt «oppdrag- og tildelingsbrev», og måla for nye rettskretsar.

Retningslinene for 2022 har vore:

1. Leggje til rette for brukarorientering og utvikling i domstolane som gir reell tilgang til domstolane og korrekte avgjerder til rett tid
2. Sørge for effektiv ressursutnytting gjennom felles praksis og større satsing på aktiv saksstyring, og utnytting av dei mogelegheitene til effektiv saksavvikling som allereie ligg i lovverket.
3. Leggje til rette for systematisk kvalitetsutvikling
4. Leggje til rette for at domstolane oppfyller Stortinget sine mål for gjennomsnittleg saksbehandlingstid
5. Sørge for sikre og stabile IKT-løysingar i ein digital rettsprosess,

der personopplysingar og annan informasjon blir behandla på ein trygg måte.

6. Sikre systematisk og målretta rekruttering og kompetanseutvikling for leiarar og medarbeidarar i domstolane og Domstoladministrasjonen
7. Sikre at oppgåveløysinga i domstolane skjer i forsvarlege og trygge rammer
8. Sikre eit godt avgjerdsgrunnlag for regjeringa og Stortinget

Mål for nye rettskretsar:

- Oppnå sterkare fagmiljø
- Oppnå betre ressursutnytting

Leiargruppa i Domstoladministrasjonen har hatt ansvaret for vurdering og prioritering av tiltak, og desse har vore handterte fortløpande i høve til kost/nytte. Styret i Domstoladministrasjonen blir informert dersom risikosituasjonar er av ein slik karakter at dei bør informerast om.

Det har vore tett kontakt med domstolane om saksavvikling. Det har også vore eigne dialogmøte med leiinga i alle domstolane, der mellom anna status for verksemda og hovudutfordringar har vore tema.

Oppfølging etter tilsyn frå Arkivverket

I oktober 2021 gjennomførte Arkivverket stadleg tilsyn med arkivforvaltinga i DA. Tilsynsrapporten avdekkja vesentlege manglar i arkivforvaltinga. I 2022 blei det starta eit arbeid med å få på plass ein arkivplan og lukke avvika. Det var ulike tidsfristar for å lukke avvika i løpet av året. Dokumentasjon blei utarbeidd og sendt til Arkivverket innan tidsfristane, og blei

Identifisere mål/krav

Identifisere risikoar og tiltak

Vurdere og prioritere risikoar

Etablere tiltak

Rapportering og oppfølging

godkjent fortløpande. Alle pålegg blei utbetra og godkjent av Arkivverket i løpet av 2022.

Arkivtenesta

Ei oppgradering av saks- og arkivsystemet blei gjennomført i første kvartal. Høgsterett, Gulating lagmannsrett, Trøndelag tingrett, Oslo tingrett, Hordaland tingrett, Finnmarkskommisjonen og Domstoladministrasjonen tok i bruk ny versjon, «ACOS WebSak+», i mars.

Domstoladministrasjonen og Arkivverket etablerte i 2019 ei arbeidsgruppe som utarbeidde nye bevarings- og kassasjonsvedtekter for tingrettane og lagmannsrettane sine papirarkiv. Frist for å ferdigstille kassasjonsarbeidet i domstolane var sett til 31. august 2022. Etter denne datoen blei det gjennomført kartlegging av kor langt den enkelte domstolen hadde komme i arbeidet. Kartlegginga viser at mange av domstolane er godt i gang med arbeidet, nokre er ferdige, medan enkelte domstolar ikkje har komme i gang. Totalt viser kartlegginga at det finst omlag 20.000 hyllemeter avleveringsmodent arkivmateriale i tingrettane og lagmannsrettane. I og med at mange domstolar ikkje har fullført kassasjonsarbeidet, er det sannsynleg at talet på hyllemeter kan reduserast. Det viser at domstolane har ei betydeleg mengde med arkivmateriale som skal forvaltast i samsvar med forskriftene inntil domstolane får levert arkivmaterialet.

I 2018 tok eit utval av domstolar i bruk WebSak som eit pilotprosjekt. Det har lenge vore på agendaen å evaluere innføringa. Ei slik evaluering blei gjennomført av Bouvet i august og september, som eit ledd i å førebu ei utrulling til resten av domstolane. I tillegg til pilotdomstolane deltok også Høgsterett og Finnmarkskommisjonen i undersøkinga. Undersøkinga blei gjennomført gjennom samtaler med utvalde tilsette i domstolane. Evalueringa viser at det er behov for mange justeringar.

Rekruttering av kvalifiserte dommarar

Innstillingsrådet innstiller til

dommarehouse og har også ansvar for nokre konstitusjonar i domstolane.

2022 har vore prega av ein stram arbeidsmarknad også for akademisk arbeidskraft. Særleg jordskifterettane har slite med rekrutteringa. Dei alminnelege domstolane har også opplevd ein viss nedgang i talet på søkjarar. Dette har i hovudsak gjort seg gjeldande ved dei mindre rettsstadane.

Styret i Domstoladministrasjonen har to gonger i løpet av 2022 drøfta og vedtatt tiltak for å styrke rekrutteringa, særleg rekrutteringa til jordskifterettane. Temaet rekruttering har også blitt drøfta i domstolsleiar møta. Domstoladministrasjonen har også saman med andre nasjonale aktørar tatt initiativ til å drøfte eit mogleg utdanningstilbod i Nord-Noreg. Det er innleia dialog med Universitetet i Tromsø om dette.

Tolk

Kvart år behandlar domstolane eit betydeleg, og stadig aukande tal saker der det er behov for tolk for framandspråklege partar og vitne. Det er partane som i utgangspunktet vurderer om det er behov for tolk, men domstolen har eit sjølvstendig ansvar for at det blir brukt tolk når dette er nødvendig. Dette gjeld både i straffesaker og sivile saker.

Avviklinga av og rettstryggleiken i desse sakene er avhengig av at domstolane har god tilgang til høgt kvalifiserte tolkar innan mange språk. Dei fleste domstolane tok i bruk ny felles løysing for tolkebestilling i løpet av 2022. Løysinga gjer det enklare å finne den best kvalifiserte og tilgjengelege tolken, anten tolkane er oppførte i Nasjonalt tolkeregister eller i domstolane sin eigen tolkebase. Løysinga gjer det også enklare å få oversikt over bruk og statistikk, både internt i den enkelte rettskretsen og nasjonalt.

Frå og med 1. januar 2022 blei det innført krav om at tolkar skal leggje fram uttømande og utvida politiattest ved gjennomføring av tolkeoppdrag i domstolane. Tolkane kan laste opp politiattesten digitalt, slik at den blir tilgjengeleg for domstolen gjennom



tolkebestillingsløysinga. Tolkelova stiller ikkje krav om at det skal leggjast fram ny attest for kvart enkelt oppdrag hos den same oppdragsgivaren. Domstolane sett under eitt kan sjåast på som same oppdragsgivar i denne samanhengen. Ein politiattest som er innhenta av og framlagt for éin domstol, kan også leggjast fram for andre domstolar.

Sidegjere mål

Alle dommarar skal registrere sidegjere måla sine i sidegjere målsregisteret. Sidegjere mål er verv og investeringar som dommaren har ved sida av dommarembetet. Den siste stillinga før utnemninga eller tilsetninga som dommar blir også registrert saman med dommaren si dommarforsikring.

I starten av 2022 tok Domstoladministrasjonen i bruk eit nytt register for å registrere sidegjere mål. Registeret blir oppdatert kvar natt. Ein offentleg tilgjengeleg versjon av registeret ligg på domstol.no. **Her finn ein den offentlege versjonen av sidegjere målsregisteret.**

Hausten 2022 starta eit arbeid som medfører at dommaren sjølv kan logge inn i sidegjere målsregisteret og registrere sidegjere måla sine.

Sjølvsregistreringsløysinga skal etter planen bli tatt i bruk i 2023.

Brukerundersøkingar

Korleis opplever brukarane sjølvstendet til domstolane?

Det er eit grunnleggjande prinsipp at domstolane i Noreg er sjølvstendige. Styrka sjølvstende er eit av hovudmåla i den strategiske planen for Domstolane 2025.

I mars 2022 blei sluttrapporten frå ei pilotundersøking om korleis brukarane av domstolane opplever sjølvstendet ferdigstilt og publisert på domstolane sitt intranett. Det har ikkje tidlegare vore gjennomført jamlege undersøkingar om korleis brukarane av domstolane opplever sjølvstendet. Slike undersøkingar kan vere nyttige verktøy i arbeidet for å styrke sjølvstendet. European Network of Councils for the Judiciary (ENCJ) har utvikla ein internasjonal mal for undersøkingar knytt til opplevd sjølvstende hos brukarar av domstolane som har deltatt i eit rettsmøte.

Innsamlingsperioden strakk seg frå medio oktober 2021 til medio januar 2022. Seks domstolar blei peika ut til å

Fakta

Alle dommarar skal registrere sidegjere måla sine i sidegjere målsregisteret. I starten av 2022 tok Domstoladministrasjonen i bruk eit nytt register for å registrere sidegjere mål.

delta. Dei seks domstolane rekrutterte inn 144 respondentar. Respondentane svarte på spørsmål knytt til kva slags rolle respondentene hadde i domstolen denne dagen, korleis møtet og saksgangen gjekk elles, og i kor stor grad respondenten hadde tillit til domstolane/dommarane si behandling av den aktuelle saka. Talet på respondentar frå dei ulike domstolane varierte betydeleg. Dette understrekar behovet for at dei domstolane som deltar, må ha kapasitet til å følge opp dei som besøker domstolen for at det skal generere respondentar til ei slik undersøking.

Hovudfunnet er at brukarane sin tillit til domstolane er stor. Hele 91 prosent oppgir høg tillit til at dei venta å bli behandla rettferdig før dei kom til retten. Tre prosent hadde låg tillit. Det svarer til same høge tillit som ålmenta har gitt uttrykk for i andre spørjeundersøkingar, som Tiltruundersøkinga 2022. Vidare svarer 78 prosent at tilliten deira til rettssystemet er uendra etter at dei har vore i retten. Elleve prosent svarer at tiltrua blei større, og ti prosent at den blei mindre. Det betyr at møtet med domstolane ikkje endra deltakarane sin tillit til rettssystemet i særleg grad. Sjølv om dei aller fleste forsto både kva saka gjaldt og kva for rettar og plikter dei hadde, er det framleis nokre som ikkje gjer det. Cirka fem prosent gir i ulike spørsmål uttrykk for at dei ikkje er heilt nøgde med dommaren sin måte å handtere aktørane og prosessen på.

Erfaringane frå pilotundersøkinga er levert vidare til ENCJ, og arbeidsgruppa i ENCJ har fått rapporten og tilrådingane frå Noreg. Ein rapport til ENCJ si generalforsamling 2022 nemner mellom anna pionerarbeidet som Domstoladministrasjonen har utført.

Dommarar sitt opplevde sjølvstende i Europa

I 2022 blei det gjennomført ei ny ENCJ-undersøking om dommarane sitt opplevde sjølvstende. Nesten 16 000 dommarar i 29 land deltok. 315 av dei var frå Noreg. På ein skala frå 1–10 oppgir norske dommarar at dommarstanden sitt sjølvstende er 9,3. Gjennomsnittet i Europa er 8,5. Dommarane oppgir eige sjølvstende til å vere 9,5 i gjennomsnitt (Europa 9,1). For Noreg er det omtrent likt

ei tilsvarande undersøking for tre år sidan, medan det har vore auke i mange land.

Helse-, miljø- og tryggleiksarbeid (HMS)

Sjukefråværsutvikling

Noregs domstolar hadde i 2022 eit totalt sjukefråvær på 5,3 prosent (mot 4,7 prosent i 2021). Den særlege auken for første kvartal var knytt til omikron. Dette fell saman med at 53 prosent av domstolane oppgir ei auke i sjukefråværet samanlikna med 2021, medan 20 prosent oppgir at dei har hatt ein nedgang i sjukefråværet. Seks domstolar oppgir at dei har behov for hjelp i oppfølginga av sjukefråværet. Det er to fleire enn i 2021.

HMS-kompetanse

Ny domstolsstruktur ga utvida behov for HMS grunnopplæring for nye leiarar og verneombod, og for nyetablerte arbeidsmiljøutval (AMU). I 2022 deltok 19 leiarar og 29 verneombod/AMU-medlemmer. 45 prosent av domstolane oppgir å ha fullført grunnopplæringa for alle rollene sine. For domstolane er systematisk HMS-arbeid og psykososialt arbeidsmiljø eit viktig område. Det blir fokusert sterkare på konflikthandtering i introduksjonsprogrammet for nye leiarar, gjennom e-læring og webinar. I opplæringa for nye tilsette oppgir 55 prosent at dei bruker sentral HMS-handbok. I tillegg har jordskifterettane HMS-felthandboka som hjelpemiddel.

Dokumentasjonskravet og risikovurderingar

For 2022 oppgir 20 prosent av domstolane at dei ikkje har HMS-handlingsplan for 2022. Det same resultatet finn vi knytt til dokumentasjon på «kartlegging og risikovurderingar» og «revidere HMS-rutinar». Nær alle domstolane seier at dei har oversikt over roller og ansvar innan HMS-arbeidet, og at dei nyttar rutinane for avvikshandtering. Med ny domstolsstruktur oppgir fleire at dei har behov for samordning av planverk, og det vil bli gjort ein innsats for fullføring av dokumentasjonskravet for 2023.

I 2022 gjennomførte 90 prosent av domstolane vernerunde, og nær

50 prosent valde å gjennomføre risikovurdering av «vald og truslar om vald på arbeidsplassen» i tilknytning til for eksempel ekspedisjon, rettssalar, forkynningsrom og indre/ytre sone. Fleire domstolar kartla og risikovurderte arbeidsrelaterte plager og fråvær (41 prosent), aleinearbeid (33 prosent), arbeidssituasjon heimearbeid (27 prosent), og 14 prosent gjennomførte medarbeidarundersøking. Domstolane skal i 2023 gjennomføre nasjonal medarbeidarundersøking.

Spesielt for jordskifterettane blir det oppgitt følgjande i rapporteringa: 72 prosent kartla og risikovurderte feltarbeidet (for eksempel om fysiske utfordringar, aleinearbeid, varsling, risiko for fall- og personskade, eksponering for biologisk materiale, møte med dyr med vidare), 56 prosent kartla behovet for tryggleiksutstyr ved feltarbeid, og 39 prosent har i løpet av året gitt opplæring i bruk av maskinar.

Tilsyn

Ingen domstolar fekk tilsyn av Arbeidstilsynet i 2022.

Bedriftshelseteneste (BHT)

I 2022 hadde 60 prosent av domstolane BHT-dekning på alle rettsstadane i rettskretsen sin. Fleire domstolar harforskjellige BHT-avtalar innanfor rettskretsen på grunn av ny domstolsstruktur, og ønskjer felles BHT. Det er 20 domstolar som oppgir at dei heit eller delvis ikkje har BHT. Ei tilknytning til godkjent BHT er pliktig dersom risikovurderinga ved domstolen tilseier det. Domstolane er ikkje pliktige ut frå næringskoden «84.23 Retts- og fengselsvesen». Domstoladministrasjonen tilrår at domstolane er knytt til ei godkjent BHT.

HMS-avvik

For 2022 er det rapportert om tre arbeidsulykker, der eitt av tilfella blei meldt til Arbeidstilsynet på grunn av alvorleg personskade. Alle fekk medisinsk undersøking. I to av tilfella blei det sendt skademelding til NAV og Statens pensjonskasse (SPK). I eitt av tilfella var bruk av tenestebil involvert i hendinga. To domstolar rapporterer om brot (1-3

avvik) på arbeidsmiljølova knytt til temaa trakassering, mobbing og uønskt seksuell merksemd. Fire domstolar rapporterer om 1-3 avvik innan varsling av kritikkverdige forhold. 14 domstolar rapporterer om brot på føresegnene om arbeidstid; av desse har fem domstolar rapportert ti eller fleire brot. To domstolar rapporterer om brot på HMS-retningsliner (til dømes teieplikt og bruk av verneutstyr). Seks domstolar melder frå om «andre HMS-avvik», og innhaldet blir undersøkt inntil digitalt avvikssystem blir implementert i 2023.

Ni domstolar har nytta sentral «Retningslinje for handtering av personkonflikter, trakassering, utilbørlig atferd ved domstolene og DA». I fleire tilfelle har avdeling for HR og kommunikasjon (HRK) i Domstoladministrasjonen hjelpt til med leiarstøtte.

Samordning av HMS

I Jahre-rapporten «Bedre og mer effektiv straffesaksbehandling i domstolene (2)» frå april 2022 blir behovet for samordning og ansvarsfordeling om HMS- og arbeidsmiljøforhold ved behandlinga av større straffesaker i domstolane omtalt. Arbeidsgruppa som utarbeidde rapporten, har hatt merksemda retta mot HMS i den enkelte saka, og innhaldet kan lesast i kapittel 5 i rapporten.

Varetaking

HAMU utarbeidde i 2022 ein policy for varetaking av domstolstilsette og meddommarar i særleg belastande saker. Arbeidet blir vidareført i 2023 med merksemd på kulturarbeid i eigen domstol, der både uformell og formell debrief blir lagt vekt på i det å ha beredskap for handtering av oppståtte behov. Dette HMS-arbeidet blir også omtalt i Jahre-rapporten.

Organisasjonsutvikling og framtidsperspektiv

Ny domstolsstruktur (og manglande avklaring) har prega HMS- og arbeidsmiljøarbeidet i 2022 på ulike måtar. Hovudarbeidsmiljøutvalet (HAMU) for domstolane og Domstoladministrasjonen har vore opptatt av tilhøve mellom årsak og verknad, og har samtidig tatt opp kva slags

konsekvensar budsjettutfordringa for 2023 med tilsettingstopp kan gi. Nye rammevilkår gir samtidig rom for å utvikle partssamarbeidet vidare, og å innføre tiltak som støttar situasjonen i et førebyggjande arbeidsmiljøperspektiv. HAMU ønskjer ei vidareføring av tiltaket «samspill i domstolene» i 2023, der tema er partssamarbeid. Det var veldig gode tilbakemeldingar på tiltaket frå gjennomføringa i 2022.

Domstolane oppgir følgjande prioriteringar for HMS- og arbeidsmiljøarbeidet for 2023:

- kultur- og arbeidsmiljøarbeid på tvers av rettsstadane i rettskretsen
- samhald og samhandling
- felles bedriftshelseteneste, rutinar og planverk
- tilpasse arbeidsoppgåver for jamnare arbeidsbelastning
- konsekvensar av ressursituasjon og auka arbeidsbelastning
- psykososialt arbeidsmiljø i omstillingstider
- tryggleik i feltarbeidet

Oppfølging frå Domstoladministrasjonen

Domstolane blir kontakta av Domstoladministrasjonen ut frå innmelde behov og resultat i årsrapporteringa.

I 2023 blir det retta særleg merksemd på følgjande innan HMS og arbeidsmiljøarbeidet: Gjennomføring og oppfølging av medarbeidarundersøkinga, implementering av nytt avvikssystem, og kulturarbeid knytt til temaet «varetaking ved særleg belastande saker».

Utover dette yter Domstoladministrasjonen kontinuerlege bidrag til domstolane med leiarstøtte innan HMS og arbeidsmiljø.

Mangfald, lærlingar og likestilling

I samsvar med likestillings- og diskrimineringslova §26a har statlege arbeidsgivarar ei utvida plikt til å gjere greie for den faktiske tilstanden med omsyn til kjønnslikestilling i verksemda, og kva verksemda gjer for å oppfylle aktivitetssplikta.

Å behandle alle menneske som likeverdige er ein grunnleggjande del av idé- og verdigrunnlaget til domstolane. Dette gjeld uavhengig av kjønn, alder, etnisitet, religion/livssyn, funksjonsnedsetting, seksuell orientering eller kjønnsidentitet/kjønnsuttrykk.

Samarbeidsrådet for domstolane vedtok i februar 2022 ei mangfaldserklæring for Noregs domstolar. Den lyder som følgjer:

«Noregs domstolar skal vere ein inkluderande og mangfaldig arbeidsplass der alle medarbeidarar blir verdsette og har like moglegheiter. Domstolane skal ha ein kultur prega av openheit, likestilling og mangfald. Vi meiner at inkludering og mangfald er ein styrke. Vi ønskjer medarbeidarar med ulike kompetansar, fagkombinasjonar, livserfaring og perspektiv for å bidra til ei endå betre oppgåveløysing – og vil leggje til rette for medarbeidarar som har behov for det. Domstolane skal arbeide for å oppnå kjønnsbalanse på alle nivå i verksemda. Noregs domstolar skal etterleve krava frå norske styresmakter og EU når det gjeld mangfald, likestilling og inkludering.»

I dialogen med domstolane, og gjennom ulike kompetansetiltak på områda leining, arbeidsmiljø og rekruttering, blir mangfald og inkludering løfta fram som eit viktig tema. Ved rekruttering blir det synleggjort i kunngjeringsstekstane eit ønske om mangfald, mellom anna gjennom auka del tilsette med innvandrarakgrunn, med nedsett funksjonsevne og med manglar i CV-en. Søkjarar blir oppmoda om å krysse av i jobbsøklarportalen dersom dei høyrer heime i desse målgruppene. Desse søkjarane blir vurderte særskilt.

Både domstolane og Domstoladministrasjonen arbeider aktivt for å ha ein likestillingspolitikk som sikrar balanse i rekruttering av kvinner og menn, like moglegheiter for karriereplanlegging, unngå kjønnsrelaterte lønnskeivheiter og sikre nødvendig fleksibilitet i arbeidslivet. God fleksibilitet vil til dømes gjere det enklare både for kvinner og menn å kombinere omsorgsansvar og karriere.

Domstolane rapporterer om bevisstheit rundt regelverk og haldningar for

Fakta

Noregs domstolar skal vere ein inkluderande og mangfaldig arbeidsplass der alle medarbeidarar blir verdsette og har like moglegheiter.

å fremme likestilling og å hindre diskriminering. Det er mellom anna sett i verk konkrete tiltak for å leggje til rette for medarbeidarar og meddommarar som har svekka syn og/eller høyrsl. Det er også lagt vekt på universell utforming for medarbeidarar og meddommarar med behov for rullestol. Nokre domstolar rapporterer også om tiltak i samarbeid med NAV, for å bidra til at personar som slit med å komme seg inn på arbeidsmarknaden får arbeidspraksis, og dermed betre moglegheiter til å oppnå fast tilsetting. Domstoladministrasjonen har også gode erfaringar med dette.

Det er framleis stor overvekt av kvinner i saksbehandlarstillingane i domstolane, og overvekt av menn mellom jordskifteingeniørar og jordskiftedommarar. Mellom dommarar og domstolsleiarar i dei alminnelege domstolane nærmar det seg balanse mellom kjønna, sjølv om det framleis er ei lita overvekt av menn. Mellom dommarfullmektigane er det stor overvekt av kvinner. Det same gjeld for administrative leiarar i domstolane. Det er relativt liten turnover i domstolane. Dette tilseier at ei endring i kjønnsfordelinga vil

måtte ta tid, uavhengig av kva for tiltak som blir sette inn.

Domstolane og Domstoladministrasjonen har mange retningslinjer og rutinar som skal bidra til å fremme likestilling, hindre diskriminering og førebyggje trakassering/mobbing, seksuell trakassering og kjønnsbasert vald. Mellom anna er temaa i ulik grad behandla i verksemda si tilpassingsavtale til Hovudavtalen i staten, i ulike personalpolitiske dokument og rutinar og i eigne dokument som «Retningslinjer for handtering av personkonflikter, trakassering, utilbørleg åtferd mm.», «Rettleiing – vald og truslar mot medarbeidarar i domstolane og Domstoladministrasjonen» og i domstolane sin eigen rekrutteringsguide.

Rapporteringsplikta er delt inn i område det skal rapporterast på kvart år, og område det skal rapporterast på annakvart år. I 2021 blei det gjort greie for kartlegging av ufrivillig deltid, lønsskilnader og lønnsfordeling på ulike nivå/grupper. Det blir derfor ikkje gjort greie for dette i 2022. Nedanfor følgjer rapport for dei områda det skal gjerast greie for kvart år.

Kjønnsbalanse i verksemda (del kvinner og menn totalt per stillingsgruppe)

Del kvinner og menn som er tilsette i deltidstillingar (tal eller prosent)
Del menn og kvinner som er mellombels tilsette (tal eller prosent)

	Kjønnsbalanse		Deltid		Mellombelse	
	Tal	Prosent	Tal	Prosent	Tal	Prosent
Kvinner	1320	63 %	101	82 %	154	66 %
Menn	759	37 %	22	18 %	81	34 %
Total	2079	100 %	123	100 %	235	100 %

Note: Rapporteringa er basert på tal per 31.12.2022. Både mellombels tilsette og vikarar er definerte som mellombelse. Mellombelse inkluderer også dommarfullmektigar. Den prosentvise fordelinga endrar seg ikkje vesentleg dersom desse tas ut. Samanlikna med 31.12.2021 er talet i kategorien «mellombelse» redusert med 34 tilsette, noko som hovudsakleg skuldast reduksjon i talet på dommarfullmektigar.

Følgjande er ikkje med i rapporteringa: Personar på ulike arbeidsmarknadstiltak utan løn, pensjonistar og personar som er tilsette på timeløn.

Gjennomsnittleg tal veker foreldrepermisjon for kvinner og menn

	Snitt foreldrepermisjon i veker
Kvinner	26,05
Menn	14,53

Note: Foreldrepermisjonar kryssar ofte over kalenderår. Det kan derfor vere skeivheiter i rapporteringa knytt til permisjonar som starta i 2021, og som heldt fram i 2022. Talet på veker har i snitt gått ned for kvinner frå 29,87 veker i 2021, og for menn frå 15,11 veker i 2021.

Lærlingar

I tildelingsbrevet til alle statlege verksemdar for 2022 blei det gitt ei fellesføring om inntak av lærlingar. Verksemdar med meir enn 75 tilsette skal alltid ha minst éin lærling, og større verksemdar bør ha ambisjon om fleire lærlingar. Alle statlege verksemdar skal knyte seg til opplæringskontoret OK stat eller eit anna opplæringskontor.

Det har i mange år blitt arbeidd aktivt for å opprette lærlingplassar og å følgje opp arbeidet med lærlingar, både i domstolane og i Domstoladministrasjonen. Verksemda oppfyller kravet i fellesføringa. Domstoladministrasjonen er knytt til det statlege opplæringskontoret OK Stat, og har god dialog med kontaktpersonen vår der.

Ved utgangen av 2022 var det tilsett i alt 19 lærlingar i domstolane og Domstoladministrasjonen fordelt på IKT-driftsfaget og Service- og administrasjonsfaget. Lærlingane var fordelt på 12 domstolar og Domstoladministrasjonen. Det er gjennomgåande veldig god tilbakemelding på lærlingordninga. Fleire domstolar ønskjer eller planlegg å ta inn lærling, eller å auke talet på lærlingar i 2023. Det er også fleire domstolar som ønskjer å auke talet på lærlingar på sikt.

Tryggleik og beredskap

Domstolane har i 2022 fortsatt arbeidd med å få oversikt over tryggleik og beredskap ved rettsstadane. Planverk, rutinar og fysiske tiltak blir samordna. Domstoladministrasjonen har i 2022 lagt



vekt på råd og rettleiing, og på å styrke grunnsikringa i domstolane/rechtsstadane med merksemd på overfallsalarmar.

Det er 49 domstolar som har levert svar. Domstolsreforma med ei sentral leiing har truleg medført betra oversikt, og dermed også betre oversikt over felles dokumentasjon og tiltak innan tryggleik og beredskap. I 2022 har 24 domstolar gjennomført «Leiinga sin årlege gjennomgang» av internkontrollområda Tryggleik og beredskap, HMS, Informasjonstryggleik og Personvern for første gong. Denne årlege gjennomgangen medfører betra systematisk merksemd på tryggleik. Dei resterande 25 domstolane har planlagt gjennomføring i løpet av 2023.

Dokumentasjon av tryggleik

35 domstolar opplyser at dei ikkje har manglar med omsyn til dokumentasjon av tryggleik, mot 29 som ikkje hadde manglar i 2021. Av dei 14 domstolane som melder om manglar, dreier manglane seg i ulik grad om dokumentasjon innan kontinuitetsplan, lokalt tilpassa tiltakskort, ulike varslingslister, risiko og tiltaksoversikt for domstolen, beredskapsplan og lister over pårørande. Berre éin domstol rapporterer at all dokumentasjon manglar, mot to domstolar i 2021.

Fysisk tryggleik

Det er 29 domstolar som opplyser at dei har innført tryggleikstiltak i løpet av 2022. Av tiltak kan nemnast: Etablering av kameraovervaking og utskifting av gamle kamera, oppdatering av infrastruktur, installasjon av kortlesarar, montering av overfallsalarmar, oppgradering av indre/ ytre soner, tilsetjing av tryggleiksbetjentar, gjennomgåing av rutinar og instruksar, etablering av innbrotsalarm, flytting av saker i samsvar med risikovurdering og behov for betre tryggleik under saker mm.

I løpet av 2023 planlegg 29 domstolar å innføre tryggleikstiltak. Av tiltak kan nemnast:

- Øving for handtering av vald og truslar
- Øving i kriseleiing
- Etablere rutinar for ingeniørar som opererer i felt

- Etablere indre sone
- Merksemd på dagleg tryggleik og e-tryggleik
- Forbetre perimetersikring
- Samkøyre tryggleik innan rettskretsen
- Gjennomføre tryggleiksdagar
- Tilgangskontroll ved alle rettsstadar
- Vurdere risiko med saker som skal behandlast i retten

Vidare melder 25 domstolar om at dei har rettsstadar som manglar eller har manglar ved indre soner (fysisk skilje mellom tilsette og brukarar). Dette er fire fleire enn dei som melde manglar i 2021. Ei av årsakene til dette kan vere at planlagde ombyggingar ikkje er gjennomførte, og etablering av mellombelse rettslokale. Ei anna årsak kan vere at nokre rettsstadar har delvis skilje mellom publikum og medarbeidarar.

Det er 21 domstolar som melder at dei ikkje har innbrotsalarm ved alle rettsstadane i rettskretsen, mot 25 i 2021. Éin domstol melder om at dei manglar brannvarslingsanlegg ved ein rettsstad.

Per nå har 26 domstolar kameraovervaking, og berre tre opplyser at dei har manglar i høve til rutine for kameraovervaking. Det blei i 2022 utarbeidd ein felles grafisk mal for skilting av videoovervaking, og det er i hovudsak skiltinga som utgjer den manglande handteringa hos desse tre domstolane. Rutineavvika er planlagt lukka i 2023.

Elleve domstolar har tilgangskontroll/ kortlesarar som er kompatible med alle rettsstadane innan rettskretsen. Det er ti domstolar som nyttar tilgangskort med bilete for tilsette ved alle rettsstadane. 29 domstolar har delvis tilgangskort med bilete, og ti domstolar har tilgangskort utan bilete. Det blei i 2022 utarbeidd ein mal for korleis tilgangskort i domstolane skal utformast.

Avvik og truslar

Domstolane har rapportert avvik av ulike slag, men det er berre to domstolar som opplyser at dei ikkje registrerer avvik. I 2022 blei det meldt 21 alvorlege avvik til DA. Dette er avvik som blir melde vidare til politi eller arbeidstilsyn. Desse

avvika omfattar stort sett truslar mot dommarar og saksbehandlarar i ulike former på e-post, SMS, sosiale media, telefonsamtaler, og verbale utbrot i domstolen.

Det er 25 domstolar som har opplevd at det er sett fram truslar mot domstolen, medarbeidarar eller aktørar i domstolen. Disse er i hovudsak mot dommarar, dommarfullmektigar og saksbehandlarar. Nokre få har vore mot advokat/prosessfullmektigar, publikum, aktor, sakkunnige og jordskifteingeniørar. Det har ikkje komme truslar mot tolkar, vitnestøtter og vitne.

Det er rapportert om nokre enkelttilfelle av truslar mot publikum, advokat, påtalorepresentant, tryggleiksmedarbeidar, saksbehandlar, meddommar, dommarfullmektig og dommar som er sette fram utanfor lokala til domstolen. Dette er ei form for truslar som Noregs domstolar skal vere ekstra merksame på, då truslar utanfor arbeidsstaden og domstolen sine trygge rammer kan følast som ei ekstra psykisk påkjenning for den som blir utsett for trusselen.

Øving og kompetanse

Det er 40 domstolar som opplyser at dei har øvd på element innan tryggleik og beredskap i 2022. Av desse har

- 85 prosent gjennomført brannøvingar
- 20 prosent har gjennomført papirøvingar og førstehjelpsøving
- 50 prosent har gjennomført førstehjelpskurs
- 8 prosent har øvd på kriseleiing i domstolen
- 10 prosent har hatt øvingar saman med naudetatane
- 13 prosent har gjennomført eigen tryggleiksdag med og utan øving.

Det er planlagt mange øvingar og kompetanseheving i løpet av 2023. Aktuelle tiltak er: Fellesøvingar etter samlokalisering, førstehjelp, øve på kriseleiing, evakueringsøvingar, eigen tryggleik på sosiale media, og tryggleiksdagar.

Oppfølging frå Domstoladministrasjonen

Domstoladministrasjonen følgjer opp domstolar som opplever utfordringar innan avvik eller med å få på plass dokumentasjon og tryggleikstiltak. Målet er at alle domstolar og rettsstadar skal ha den same fysiske grunnsikringa og ein tilfredsstillande beredskap. Eit område som blir prioritert i 2023 vil vere oppfølging av grunnsikring, dokumentasjon og kunnskapsheving.

Informasjonstryggleik

Det at Russland invaderte Ukraina 24. februar i 2022 har også prega trusselbiletet knytt til informasjonstryggleik. Ifølgje dei nasjonale tryggleikstenestene måtte ein rekne med at invasjonen medførte auka angreps- og kartleggingsverksemd frå russiske og russiskstøtta trusselaktørar.

Domstoladministrasjonen arbeider kontinuerlig med å beskytte IT-systema til domstolane mot angrep, og informasjonstryggleik har høg prioritet. Som eit ledd i dette blei det i 2021 starta eit større arbeid med å modernisere og sikre nettverksstrukturen i domstolane ytterlegare. Arbeidet er ført vidare i løpet av 2022, og det vil halde fram inn i 2023. Det har ikkje blitt oppdaga målretta angrep mot domstolane sine løysingar i 2022. Mange phishingangrep er automatisk avviste, men det har også vore eit tilfelle som blei stansa då ein medarbeidar prøvde å opne vedlegg med skadevare. Talet på tryggleikshendingar som er oppdaga gjennom logg- og nettverksanalyse, har vore stabilt lågt i 2022.

Personvern

For å styrke merksemda på personvern og sikre at krava i personvernforordninga blir etterlevde, gjekk Domstoladministrasjonen i 2021 til innkjøp av eit administrativt verktøy for personvernoppgåver. Verktøyet er gjennom 2022 implementert i Domstoladministrasjonen og alle domstolane. Dette bidrar til at vi lettare kan ivareta krava i forordninga og sikre dokumentasjonspliktene våre. Innføringa av verktøyet har også skapt større medvit rundt handteringa av personopplysingar både innanfor og utanfor den dømande

verksemda. Domstoladministrasjonen og personvernressursane i domstolane får stadig spørsmål knytt til personvern, noko som viser at det er sterkt medvit på området.

Det har det siste året komme nye føresegner i personvernregelverket som handlar om overføring av personopplysingar til tredjeland (land utanfor EU/EØS). Vi har derfor måtta gå gjennom alle leverandøravtalene våre og deira underleverandørar for å sikre gyldige overføringsgrunnlag innan fristen. European Data Protection Board (EDPB) sette fristen for dette arbeidet til 27. desember 2022. Vi er no i mål med dette arbeidet.

Innkjøp og anskaffingar

Domstoladministrasjonen har i 2022 gjennomført mange anskaffingar innan reinhaldstenester og inventar på ulike rettsstadar.

I tillegg er det arbeidd med større innkjøp på følgjande område:

- Kameraovervakingsutstyr
- Filmproduksjon
- Kurs og konferansetenester
- Måleutstyr for jordskifterettane

Det er også arbeidd med oppfølging av gjeldande avtaleforhold og førebuing av større innkjøp som ligg noko fram i tid, som IT-driftsavtale og informasjonstavler til tinghus.

I 2022 har domstolane og Domstoladministrasjonen vore med på fellesavtalar som er inngått av Statens innkjøpssenter for flyreiser, reisebyråtenester, forbruksmateriell, PC-skjermar, PC-klientar, mobilabonnement, mobiltelefonar og nettbrett. Vi ventar at bruken av slike fellesavtalar vil gi gode avtalevilkår og redusere intern ressursbruk på anskaffingsområdet.

Konsulenttjenester

Kontantrekneskapen for 2022 for Noregs domstolar viser at det er kjøpt konsulenttenester frå kommunikasjonsbransjen for totalt 85 988 kroner. Av dette er 71 038 kroner driftsutgifter domstolane har hatt som

gjeld kostnader for rettsmeklingsprosjekt, ein film i samband med rekruttering og design av bakgrunn i Webex. Høgsterett har brukt 14 950 kroner til layout på årsmeldinga si.

Ved utvikling av eigenutvikla programvare blir det i stor grad brukt eksterne konsulentar, og for kodeutvikling er det berre eksterne konsulentar som blir brukt. Dette skuldast i stor grad at det meste av utviklingsarbeidet har mellombels finansiering gjennom satsingsmidlar. Dette gjer det utfordrande å rekruttere fast utviklingskompetanse, sjølv om det ligg ein gevinst i både eigarskap, kompetanse i verksemda og økonomi.

I samband med arbeidet med digitalisering i domstolane er det nytta eksterne konsulentar i ein viss grad. Dette har vore nødvendig for å sikre spisskompetanse og kapasitet på fagområde med mellombels finansiering.

Rettsbygningar

2022 har vore eit år med høg aktivitet for lokalprosjekt i domstolane. Det er framleis mange rettsstadar utan tilfredsstillande lokale både for tilsette og brukarar. Dette gjeld spesielt på mindre rettsstadar i distrikta. Behova er større enn budsjettmidla på dette området.

Drammen tinghus

Leigekontrakt for nytt tinghus i Drammen for Buskerud tingrett, Vestre Viken jordskifterett og ein rettssal for Borgarting lagmannsrett blei underteikna med Statsbygg våren 2021. Byggeprosjektet blir ferdigstilt vinteren 2023, og domstolane flytter inn våren 2023.

Hamar tinghus

Ein mogleighetsstudie for ombygging av tinghuset på Hamar blei sett i gang i 2022. Studien blir avslutta våren 2023. Behovet for ny tinghusløyising heng saman med eit auka arealbehov for Eidsivating lagmannsrett etter utvidinga av lagdømmet med rettskretsane til Follo og Nordre Østfold tingrett og Søndre Østfold tingrett. Det blir også vurdert å samlokalisere tingretten, lagmannsretten og jordskifteretten på Hamar.

Stavanger tinghus

I 2022 blei det starta ei konseptvalutgreiing (KVU) for ny tinghusløyising i Stavanger for Sør-Rogaland tingrett, Gulating lagmannsrett og Sør-Rogaland jordskifterett. KVU blir ferdigstilt våren 2023.

Tønsberg tinghus

I 2021 vedtok regjeringa at tinghuset for Vestfold tingrett og Vestfold jordskifterett i Tønsberg skulle gjennomførast som eit statlig byggeprosjekt. Det skal også vere rettssalar for Agder lagmannsrett i bygget. Statsbygg gjennomførte i 2021 ei utgreiing for start av eit forprosjekt. Dette forprosjektet blei sett i gang i 2022 og blir ferdigstilt hausten 2023. Planen er å ferdigstille det nye tinghuset i løpet av 2025.

Nye rettslokale på mindre rettsstadar

I 2022 blei det vedtatt at rettsstadane Egersund, Finnsnes, Volda, Halden, Mysen og Brønnøysund skal få nye lokale. Alle desse rettslokala vil vere klare for innflytting i 2023, med unntak av Finnsnes som blir ferdigstilt vinteren 2024. Det blei også sett i gang anbodskonkurransar på rettsstadane Vågåmo, Sandnessjøen og Sortland. Desse konkurransane blei stoppa hausten 2022 på grunn av den vanskelege økonomiske situasjonen for domstolane. På fleire andre rettsstadar med lokale med utgåande leigekontraktar blei leigeforholda forlenga av same grunn.

Oslo tinghus

Ny lov om etterretningstenesta gjer det nødvendig å etablere eit lokale i Oslo tinghus for å kunne handtere informasjon som er gradert på nivået «strengt hemmeleg». Dette vil bli ferdigstilt vinteren 2023.

Molde tinghus

Lokala for Møre og Romsdal tingrett og Møre og Romsdal jordskifterett blei ferdig totaloppussa i 2022. Domstolane er dermed samlokaliserte på rettsstaden i Molde. Prosjektet inkluderer også ein rettssal for Frostating lagmannsrett.

Ringerike, Asker og Bærum tingrett

På grunn av anleggsverksemd og støyande verksemd i nærområdet rundt domstolen i Sandvika, blei domstolen flytta til

mellombelse lokale på Kjørbo frå primo 2022. Det er utlyst konkurranse på nye lokale for domstolen med planlagt innflytting ultimo 2024.

Bodø tinghus

Det blei i 2021 inngått avtale om leige av nye lokale i Bodø. Det nye tinghuset vil leggje til rette for samlokalisering av Lofoten og Salten tingrett og Salten jordskifterett. I tillegg skal det etablerast ein rettssal for Hålogaland lagmannsrett. Domstolane skal etter planen flytte inn i nye lokale hausten 2023.

Bergen tinghus

I statsbudsjettet for 2021 blei det løyvd midlar og starta forprosjektering av rehabilitering av det eksisterande tinghuset i Bergen. Det er Statsbygg som har fått tildelt desse midla over budsjettet til Kommunal- og distriktsdepartementet. Prosjektet føreset at det blir etablert tilleggslokale (arbeidsplassar) utanfor tinghuset. Domstoladministrasjonen har i samarbeid med Statsbygg ferdigstilt forprosjektet i 2022.

Samla er det gjennomført fire prosjekt, omtala som delprosjekt.

- E1 Rehabilitering/ombygging av tinghuset
- E2 Brukarutstyr
- E3 Anskaffing av mellombelse lokale for byggeperioden
- E4 anskaffing av tilleggslokale i nabobygget

Av desse har Domstoladministrasjonen ansvar for E2-E4, medan Statsbygg har ansvar for E1.

Forprosjektet er levert til kvalitetsikring (KS2). Avhengig av finansiering er det planlagt å starte opp primo 2024 med ferdigstilling av prosjektet primo 2027. I byggeperioden får Hordaland tingrett mellombelse lokale.

V. Samfunnsutvikling og utviklingstrekk

Domstoladministrasjonen har gjort ei vurdering av utviklingstrekk i samfunnet som kan påverke domstolane i tida framover.

a) **Befolkningsutvikling og geografisk fordeling**

Statistisk sentralbyrå (SSB) har berekna at Noreg vil ha omtrent 6 millionar innbyggjarar i 2040. Dette vil gi ein auke på omlag 0,5 millionar innbyggjarar dei neste 17 åra. Sjølv om saksinngangen har vore fallande i fleire saksstypar dei seinare åra, ventar Domstoladministrasjonen at ein auke i talet på innbyggjarar over tid vil gi eit auka tal saker for domstolane.

Domstolskommisjonen har i «NOU 2019:17 Domstolsstruktur» lagt til grunn at sakstilgangen fram mot 2040 vil auke med om lag fem prosent. Domstoladministrasjonen vurderer dette som eit rimeleg overslag.

Samtidig peikar Domstolskommisjonen på at det vil vere svært ulik utvikling i saksinngang for den enkelte domstolen, mellom anna fordi befolkningsveksten i rettskretsane er ulik. Befolkningsstraumane i Noreg har over lengre tid gått frå nord til sør, og frå distrikt til meir urbane strøk. Prognoser frå SSB viser at Viken og Oslo kan få ein befolkningsvekst på over 10 prosent fram til 2040. Nordland, Troms og Finnmark, Møre og Romsdal og Innlandet vil derimot få ein befolkningsvekst på berre 0-3 prosent i den same perioden.

b) **Digitalisering**

Digitalisering har vore ein del av det norske samfunnet og arbeidslivet lenge,

og den omfattar stadig nye område. Ny teknologi endrar arbeidsprosessar og skapar samhandling på tvers av tidlegare organisatoriske skilje i dei fleste sektorane i samfunnet. Domstolskommisjonen har i rapporten sin peika på at digitalisering av offentlege verksemdar medfører at det rettsøkjande publikumet forventar nye arbeidsformer og kommunikasjonsformer (NOU 2019-17, s. 36). Domstolskommisjonen konkluderer i delrapport nr. 2 NOU 2020-11 med at for å lukkast i eit stadig meir digitalisert samfunn, må domstolane gjennomgå ein digital transformasjon.

Koronapandemien frå våren 2020 har vist at fleire klarer å ta i bruk nye digitale løysingar på kort tid og med gode resultat. Dette tilseier at den digitale kompetansen i befolkninga har auka. For domstolane gir dette moglegheiter til å digitalisere ein stadig større del av saksgjennomføringa, med brukarar og eit rettsøkjande publikum som ønskjer nye arbeids- og kommunikasjonsformer. Samtidig aukar forventningane til at domstolane tilbyr gode digitale tenester til alle brukargrupper. Utviklinga har gått slik at dei profesjonelle aktørane no har tilgang til digitale tenester som dei sjølvprosedererande ikkje har. Dette er uheldig, og det er ei utvikling som må rettast opp i åra som kjem.

Digital transformasjon av domstolane er ein kontinuerleg prosess som vil krevje betydelege investeringar og midlar til framtidig forvaltning og fornying/gjenanskaffing. Mange av gevinstane vil oppstå hos andre enn dei som

utviklar løysingane. Ved digitaliseringa av domstolane vil dei profesjonelle brukarane få dei største gevinstane. Innanfor eit stadig strammare økonomiske handlingsrom vil derfor domstolane vere avhengige av auka løyvingar på varig basis. I vurderinga av framtidige investeringar og løyvingar bør det leggjast betydeleg større vekt på samfunnsmessige effektar av tiltaka, i form av tilgjenge, likebehandling og openheit.

Arbeidet med digitalisering i offentleg sektor må gå i retning av meir samordning, samarbeid og deling av data både mellom verksemder i offentleg sektor, og med private verksemder. Å finansiere samanhengande tenester er ei stor utfordring. I åra framover må det etablerast budsjett- og tildelingsmekanismar som i større grad støttar og oppmuntrar til samarbeid i og mellom sektorar. I den samanhengen er det særleg viktig at arbeidet med den elektroniske samhandlinga mellom aktørane på straffesaksområdet blir utvida og at framdrifta går raskare. Dette blir også framheva av Domstolskommisjonen.

Digitalisering og omstilling vil vere nødvendig for å oppretthalde domstolane si stilling som ein relevant konfliktløysar med tillit i befolkninga. Etter kvart som den digitale kunnskapen i samfunnet aukar, og teknologien har modna ytterlegare, vil det, som mellom anna Domstolskommisjonen har peika på, vere riktig og nødvendig å utvikle nye digitale tenester som i langt større grad omstiller verksemda. Domstoladministrasjonen vil leggje fram ein plan for digital omstilling. Denne vil danne grunnlaget for å fremme eit satsingsforslag for budsjettåra 2025-2027.

Digitalisering i domstolane, og i samfunnet elles, medfører også auka og annleis risiko og sårbarheit. Nasjonal sikkerhetsmyndighet (NSM) åtvarar i rapporten «Risiko 2022» om eit trusselbilette som blir stadig meir samansett og uoversiktleg.

Dei ventar auke i digitale truslar for å få urettmessig tilgang til system og informasjon. Dette kan brukast til å svekke tilliten til offentlege og private

verksemder. Både statar og andre aktørar kan stå bak slike truslar. Disse har store ressursar, er svært kompetente og arbeider langsiktig. Dette stiller tilsvarende krav til kompetansen og evnene våre til å verne verksemda vår. Angrepa mot systema til Stortinget hausten 2020 og våren 2021 viser alvoret i denne trusselen.

Dette verkar inn på kva slags kapasitetar domstolane må ha for å ha tilfredsstillande oversikt og kontroll med tryggleikssituasjonen. Ein føresetnad for å lukkast i den digitale omstillinga er derfor at tryggleiken blir varetatt i alle ledd, og at digital motstandsdugeleik og evnene til å handtere tryggleikshendingar blir prioriterte.

Eit aspekt som ikkje har vore vektlagt tidlegare, men som er høgaktuelt no, er digitaliseringa si betyding for domstolane som attraktiv arbeidsplass. Gamaldagse arbeidsverktøy, tungvinte og lite fleksible arbeidsmåtar og mangel på teknisk utstyr er blitt eit problem for rekrutteringa både til dømmande og administrative oppgåver. Dette er signal som i ytste konsekvens handlar om domstolane sitt omdømme og tillit, og signala må tas alvorleg.


c) Kriminalitetsutvikling

Langsiktige endringar i kva slags straffesakstypar det blir gjort lovbrøt innanfor, kva slags saker politi/påtalemakt prioriterer, og kva slags saker som blir etterforska fram til ein tiltale vil påverke aktiviteten og ressursbehova i domstolane.

Politiet sine nøkkeltal knytt til meldingar og påtaleavgjerder (Strasak-rapporten), viser nedgang i meldingar (- 12 prosent) og påtaleavgjorte saker (- 11 prosent) i 2021 samanlikna med snittet for perioden 2016-2020. Om denne tendensen held fram, kan dette forklare nedgangen i talet på straffesaker som er sendt over til domstolane dei siste åra. Samtidig må dette sjåast i samheng med at det kjem inn fleire omfattande og nettbaserte straffesaker. Dette er ofte ressurskrevjande saker der det mellom anna er mange fornærma.

d) Spesialisering

Det er ei trend til spesialisering i samfunnet. Denne trenden påverkar



ulike samfunnssektorar og fagområde i varierende grad. Tendensen går på mange område i retning av større fag- og kompetansemiljø med spissa fagkunnskap og spesialiserte arbeidsoppgåver.

Både spesialiserte partar og spesialiserte aktørar har høge forventningar til domstolane si evne til å behandle spesielle sakstypar på ein god måte. Det blir stilt høge forventningar til dommarar og andre tilsette sine juridiske kunnskapar og deira evner til å forstå og vurdere kompliserte forhold. Det er også auka forventningar til at domstolane skal kunne tilby ein tilpassa og eigna behandlingsmåte på ulike spesialområde. På nokre saksområde blir domstolane utfordra av alternative tvisteløysingsmekanismar, som til dømes valdgift i kommersielle saker og ulike nemnder i forbrukarforhold. Det kan difor bli utfordrande for domstolane å behalde posisjonen som samfunnet sin føretrekte tvisteløysar.

Samtidig gir denne trenden til spesialisering også domstolane moglegheit til å utvikle meir spesialiserte fagmiljø

innanfor rammene av eit alminneleg domstolssystem. Det kan bidra til styrka rekruttering, generell styrking av fagmiljøa og bidra til at domstolane har stor tillit og godt omdømme i samfunnet.

e) Tilgang til domstolane

Saksinngangen til domstolane har minka dei seinare åra. Talet på tvistesaker har blitt redusert med 21 prosent dei siste fem åra. Nedgangen er størst i saker som blir reiste mellom føretak, og i saker som gjeld mindre tvistesummar. Årsakene til nedgangen er truleg samansette.

Domstolskommisjonen har i den andre delutgreinga si peika på at «utviklingen gir grunn til å stille spørsmål om hvorvidt konfliktløysningen beveger seg bort fra de alminnelige domstolene og over til alternative tvisteløysere», (NOU 2020:11 s. 55). Ei utvikling som reduserer domstolane si rolle som den føretrekte konfliktløysaren i samfunnet og dermed også svekker domstolane sin funksjon i rettsstaten, bør motverkast. Ein eventuell framvekst av fleire nye tvisteløysingstilbod utanfor domstolane må derfor vurderast

i samanheng med spørsmålet om domstolane si rolle som konfliktløysar i samfunnet (sjå NOU 2020:11 s. 71).

Domstolskommisjonen har også påvist at nivået på partane sine tilkjente sakskostnader har auka sterkt i tida etter at tvistelova trådte i kraft i 2008. Det er grunn til uro for at denne utviklinga kan svekke befolkninga sin reelle tilgang til domstolane (NOU 2020:11 kapittel 24). Det er behov for å følgje med på utviklinga av tilkjente sakskostnader i tida framover, og å vurdere tiltak som kan hindre at den utviklinga vi har sett dei siste åra held fram. Mellom anna bør Domstoladministrasjonen og domstolane sjå nærare på kva ein kan oppnå gjennom lovendringar, og foreslå slike for Justis- og beredskapsdepartementet. I tillegg bør det vurderast kva som kan gjerast innanfor gjeldande regelverk, mellom anna ved at domstolane har ei meir aktiv tilnærming til spørsmålet om sakskostnader på eit tidlig stadium under domstolsbehandlinga.

For å sikre heile befolkninga reell tilgang til domstolane, er også utforminga av reglane om fri rettshjelp og støtte til rettshjelp viktig. Rettshjelpsutvalet har foreslått ei ny lov om støtte til rettshjelp. Forslaget inneber at fleire enn tidlegare vil få økonomisk støtte frå det offentlege, og at støtta i større grad vil vere gradert etter behov. Ei oppfølging av dette forslaget vil kunne bidra til at fleire får ein reell tilgang til domstolane.

For at domstolane skal oppfattast som ein relevant tvisteløysar i samfunnet, er det viktig at sakene blir behandla innan rimeleg tid. Domstolane bør derfor ha tilgang til tilstrekkelege ressursar, og arbeidet i domstolane må vere organisert på ein slik måte at dei samla ressursane kan utnyttast effektivt. Dette føreset fleksibilitet i ressursutnyttinga på tvers av rettsstadar. Auka bruk av digitale løysingar vil også kunne bidra til ein meir effektiv ressursbruk, sjå punkt b ovanfor.

Det blir arbeidd aktivt med å auke den delen sakene som blir rettsmekla i domstolane, både på lovgivingssida og i domstolane. I mange domstolar er det – eller vil det bli – innført spesialisering på

rettsmeklingsfeltet, og dommarane vil få tilbod om eit eige kompetanseløp innanfor rettsmekling som fagområde. Auka grad av rettsmekling i domstolane vil kunne påverke saksbehandlingstida og partane sine prosesskostnader, noko som vil ha betydning for domstolane sin aktualitet som konfliktløysar.

Som ei oppfølging av Domstolskommisjonen si andre delutgreiing, vil tiltak som effektiviserer domstolane si behandling av sivile saker i første instans bli nærare vurdert. Formålet er å forenkle behandlinga og tilby meir fleksible behandlingsformer tilpassa den enkelte saka. Dette vil kunne gjere behandlinga mindre kostnadskrevjande og redusere partane sine prosesskostnader. Betre saksførebuing og utvikling av nye arbeidsmåtar kan bidra til dette. Mellom anna vil hybride behandlingsmåtar, som i større grad kombinerer skriftleg og munnleg behandling, bli vurdert. Slike tiltak vil bidra til å styrke domstolane si stilling som den føretrekte tvisteløysaren i samfunnet.

Eit anna sentralt tema i oppfølginga av Domstolskommisjonen si andre delutgreiing, er reindyrking av lagmannsrettane si rolle som overprøvingsinstans. Det vil vurderast fleire tiltak som styrkar lagmannsrettane sitt arbeid på overprøving av avgjerdene i tingrettane og jordskifterettane, framfor meir fullstendig fornøya behandling i lagmannsretten. Større grad av avskjering mellom instansane vil vere eit element i denne reindyrkinga. Det same gjeld utvida høve til å kombinere skriftleg og munnleg behandling. I tillegg blir det arbeidd med eit satsingsforslag om auka bruk av utgreiarar i lagmannsrettane. Hovudformålet med tiltaka er å styrke lagmannsrettane si rolle som ankedomstol, å effektivisere lagmannsrettane si behandling og å avgrense partane sine prosesskostnader.

Fleire av dei områda og tiltaka som er nemnde ovanfor, kan og bør støttast ved å etablere nye digitale plattformer og tenester. Dette kan til dømes vere tilrettelegging for saker med skriftleg behandling i småkravsprosessen, meklings

eller liknande. I tillegg kan nye digitale tenester betre tilgangen til domstolane ved å leggje betre til rette for å kunne føre sakene som sjølvprosederande.

f) Ressurstillgangen til domstolane

Ressurstillgangen til domstolane gir grunnlag for bekymring med eit udekt budsjettbehov på ca 100 millionar kroner i 2023. Det stramme budsjettet som Stortinget løyvde for verksemdsåret 2023, inneber ein tilsetjingsstopp og ein betydeleg reduksjon i midlane som skal sikra modernisering av domstolane ved god tilgang på teknisk utstyr og digitalisering for å skapa økonomisk balanse på kort sikt. Det er også eit stort etterslep når det gjeld domstolslokale som tilfredsstillar grunnleggjande tryggingsskrav, universell utforming og funksjonalitet for å gi brukarar og tilsette gode arbeidsvilkår. Hausten 2022 vedtok DAs styre å utarbeida ei vurdering av ressursbehova i domstolane basert på ei budsjetttramme som balanserer bemanningsnivået mot nødvendige investeringar til utvikling, teknisk utstyr og modernisering av lokalporteføljen.

g) Rekruttering og kompetanse

Det er stor konkurranse mellom arbeidsgivarar om arbeidskraft i arbeidsmarknaden i dag. Dette gjeld både private og offentlege verksemdar. Også for Noregs domstolar er det eit merkbart minkande tal søkjarar på ledige stillingar og større gjennomtrekk av medarbeidarar. Vi ser mellom anna at stadig fleire blir kontakta av andre arbeidsgivarar eller rekrutteringsfirma. Det er viktig at Noregs domstolar opprettheld og vidareutviklar eit godt omdømme som ein attraktiv, interessant og relevant arbeidsplass. Det må arbeidast aktivt for å ha sterke fagmiljø inkludert faget leiing, og det må satsast på arenaer for kompetanseutvikling for alle stillingsgrupper. Det må også arbeidast for gode vilkår og arbeidsformer som er tilpassa arbeidslivet i dag. Skal Noregs domstolar oppfylle samfunnsoppdraget sitt, er det viktig å rekruttere, utvikle og behalde kompetente medarbeidarar.

Innstillingsrådet har ansvaret for å gjennomføre rekrutteringsprosessen til embeta i dei alminnelege domstolane og

jordskifterettane. Det har i fleire år vore eit minkande søkjargrunnlag. Allereie våren 2018 drøfta Innstillingsrådet rekrutteringa til dei alminnelege domstolane og jordskifterettane. Rådet sende den 20. juni 2018 brev til Justis- og beredskapsdepartementet, der det blei uttalt:

«Innstillingsrådet ser med bekymring på rekrutteringen både til domstollederembeter og dommerembeter. Bortsett fra til dommerembeter i flere av de største byene og på enkelte sentrale områder på Østlandet, er søkertilfanget generelt for lite og etter Innstillingsrådets vurdering ofte utilfredsstillende».

For jordskifterettane er utfordringane ekstra store. Det er fleire dommarembete som står ledige fordi det ikkje har komme kvalifiserte søkjarar. Årsaka er truleg samansett. Ved rekruttering av jordskiftedommarar ønskjer Innstillingsrådet kandidatar med brei og relevant yrkeserfaring. I dag er ikkje løna til jordskiftedommarar konkurransedyktig med andre samanliknbare stillingar i offentlig og privat sektor. Ei anna årsak til den vanskelege rekrutteringssituasjonen, er at det er få kandidatar med jordskiftefagleg utdanning som kjem frå Nord-Noreg. Domstoladministrasjonen er derfor i dialog med UiT Noregs arktiske universitet for å sjå om det kan vere mogleg å etablere ei jordskiftefagleg utdanning i Nord-Noreg.

Domstoladministrasjonen har byrja å sjå på moglegheita for eit heilskapleg karriereløp i jordskifteretten med det siktemålet å behalda jordskiftedommarfullmektigane, og jobbar aktivt med å få på plass eit nytt lønnsystem for både jordskiftedommarar og dommarane i tingrettane og lagmannsrettane.

h) Rettsstadar

I ein stram økonomisk situasjon er det ei utfordring å oppretthalde lokale med ein tilfredsstillande bygningsmessig standard på alle rettsstadane. I tillegg til ein moderne standard som legg til rette for god funksjonalitet og effektivitet, er det også krav til tryggleik og universell utforming. Det er også eit mål å ha ein

tilstrekkeleg og lik teknisk standard i dei 430 rettssalane i landet, og for andre typar møterom for partane. I prosjekta Digitale domstolar og Digitale domstolar II er det løyvd særskilte midlar til dette, men det er ikkje tilstrekkeleg til å standardisere nivået på teknisk utstyr i alle rettssalane.

Det er ressurskrevjande å oppnå og oppretthalde ein tilfredsstillande og lik standard på lokale og teknisk utstyr på alle rettsstadane. Innanfor dei eksisterande budsjettammene er det avgrensa kva slags fornyingar som kan prioriterast frå budsjettår til budsjettår. I åra framover vil dette bli endå meir tilspissa sidan krava til lokale og teknisk utstyr blir høgare og dermed meir kostbare.

Til statsbudsjettet for 2023 blei det sendt over eit satsingsforslag for å oppnå ein tilfredsstillande bygningsmessig og teknisk standard på alle rettsstadane. Dette vil også omfatte betra fysisk tryggleik i domstolslokala. For å modernisere rettssalar og møterom med nytt teknisk utstyr, blir det lagt fram eit nytt satsingsforslag for perioden 2024-2027.

i) Samisk rettstryggleik

Den samiske rettstryggleiken handlar om korleis domstolane og Domstoladministrasjonen varetar sine rettslege plikter overfor samane i Noreg. Det sentrale er at saker med samiske interesser skal behandlast av dommarar og domstolar som oppfyller dei same krava til kvalitet som i andre saker. Dette stiller særlege krav til kunnskap om same- og urfolksrett, og kjennskap til dei samiske språka og samfunna.

Med den domstolsstrukturen vi har i dag er alle jordskifterettane og tingrettane i Hålogaland lagdømme ein del av det samiske språkforvaltingsområdet. Det same gjeld Frostating lagmannsrett, Trøndelag tingrett og Trøndelag jordskifterett. Domstoladministrasjonen sitt ansvar er å leggje til rette for å utvikle denne kompetansen i dei nemnde domstolane. Dette kan gjerast både gjennom interne tiltak, men også ved at medarbeidarar kan få tilbod om permisjon for å tileigne seg kunnskap om språk og kultur gjennom eksterne tilbod. Domstoladministrasjonen har også tatt

initiativ til å sjå på om det er mogleg å løyse oppgåver knytt til språk, omsettingar og tolk i fellesskap innanfor justissektoren.

j) Makroøkonomiske utfordringar og krav til effektivisering

Det makroøkonomiske biletet er meir usikkert enn på mange år, og det er prega av utviklingstrekk som påverkar økonomien til Noregs domstolar negativt. Bakteppet er krigen i Ukraina, med tilhøyrande galopperande energiprisar og ein generelt sterkare prisvekst enn på fleire tiår. Dette betyr at domstolane og Domstoladministrasjonen må bidra til økonomisk handlingsrom og budsjettfleksibilitet der dette er mogleg innanfor eksisterande budsjettammene. Spesielt gjeld dette prisstigninga det siste året. Denne får direkte konsekvensar for domstolane, mellom anna via ekstraordinær auke i husleige og utgifter til energi. Desse auka utgiftene vil neppe bli fullt ut kompenserte over statsbudsjettet. Dette vil krevje fortsatt effektivisering av domstolane.

Samtidig vil fleire andre budsjettbehov vere store. Det vil vere nødvendig med auka løyvingar for å sikre moderne og effektiv domstolsdrift som legg betre til rette for at Stortinget sine retningslinjer og mål for domstolane kan realiserast. Dette blir mellom anna stadfesta i ei analyse av framtidig effektivisering av domstolane og Domstoladministrasjonen som Metier OEC, på oppdrag frå Domstoladministrasjonen, gjennomførte i 2020.

Oppfølging av FN sine mål for berekraft

Dei mest aktuelle av FN sine mål for berekraft for verksemda til Domstoladministrasjonen blir vurderte å vere:

- Mål 13 Stoppe klimaendringane
- Mål 16 Fred, rettferd og velfungerande institusjonar

Relevante aktiviteter som bidrar til å følgje opp mål 13 Stoppe klimaendringane, vil mellom anna vere å redusere reiseaktiviteten i domstolane ved hjelp av auka bruk av videokonferansar og digitale



løysingar. Digitale rettsmøte reduserer reiser for aktørar, og utvida bruk av teknologi ved fysiske rettsmøte gjer det mogleg for enkelte vitne å delta utan å reise til den aktuelle rettsstaden. Sjølv om det allereie er investert betydelege midlar i digitalt utstyr og digitale løysingar, vil det vere større behov for dette i åra framover for at alle rettsstadane skal ha dette. Ressursbehovet er varetatt gjennom Domstoladministrasjonen sine innspel til statsbudsjettet.

I dag leiger Domstoladministrasjonen om lag 200 000 kvm fordelt på 100 rettsstadar. Ved anskaffing av nye rettslokale blir berekraft og miljø vektlagt. Det viktigaste bidraget vil vere å effektivisere leigearealet, så langt dette ikkje kjem i konflikt med domstolane sitt behov. I tillegg vil arealeffektive og fleksible kontorløysingar, fleirbruk av fellesareal/møterom og meir intensiv bruk av rettssalar vere viktig. Dette vil bidra til eit redusert leigeareal som i sin tur vil bidra til redusert energiforbruk og miljøpåverknad. Dei fleste leigeareala er i tillegg i eksisterande næringsbygg. Når det unntaksvis blir etablert nybygg, blir det vektlagt at det skal gi eit lite fotavtrykk.

I 2022 utarbeidde Domstoladministrasjonen forslag til energi-effektiviserande tiltak i domstolane og Domstoladministrasjonen. Tiltaka er no innarbeidde i den strategisk planen. Forslaga til energiøkonomiserande tiltak er tatt inn i domstolane sitt oppdrags- og tildelingsbrev for 2023, og domstolane er bedt om å rapportere på kva slags tiltak dei kan innføre på kort og lang sikt.

Domstoladministrasjonen innleia hausten 2022 samarbeid med Agder tingrett som på eige initiativ starta eit pilotprosjekt om berekraft, klima og miljø. Arbeidet innebar mellom anna miljøsertifisering av rettsstadane til tingretten. Arbeidet som er gjort i Agder tingrett, har vore til inspirasjon for andre domstolsleiarar og Domstoladministrasjonen, og det er med på å forankre arbeidet med berekraft i domstolane og DA.

FN sitt berekraftsmål 16 Fred, rettferd og velfungerande institusjonar har stor relevans for domstolane. Når det gjeld velfungerande institusjonar, har Domstoladministrasjonen eit ansvar for å leggje til rette for domstolane og mellom anna sørge for organisasjonsutvikling, kompetansetiltak og kommunikasjonsarbeid. Domstolane arbeider opp mot berekraftmålet om rettferd gjennom å avgjere dei sakene dei får til behandling på ein forsvarleg måte og til rett tid. Domstolsreforma som blei innført i førsteinstansdomstolane i 2021, og satsinga på digitalisering av rettsprosessen er viktig for å få endå meir effektiv saksavvikling og kortare saksbehandlingstid.

I tillegg til å fremme rettsstaten nasjonalt, er Domstoladministrasjonen også involvert i arbeid for å styrke andre rettsstatar i Europa.

VI. Årsrekneskap

Mellombels årsrekneskap er sendt til departementet.
Endelig årsrekneskap for 2022 er klart 1. april 2023.

NOREGS DOMSTOLAR

*Domstolane skal vere uavhengige.
Dei skal sikre og fremje rettstryggleiken
og verne om rettssamfunnet.
Domstolane skal ha høg tillit i samfunnet.*

Besøksadresse:
Dronningensgate 2
7011 Trondheim

Postadresse:
Postboks 5678
Torgarden
7485 Trondheim

Tlf: 73 56 70 00

E-post:
postmottak@domstoladministrasjonen.no

www.domstol.no